

KONSEKVENSAUTGREIING ØYSTRE SLIDRE

Innhald

1 Innleiing	3
1.1 Grunngjeving for revidering av konsekvensutgreiingar	3
2 Metode	4
2.1 Null-alternativet	5
3 Arealformål og konsekvensutgreiing av innspel til nye områder	6
3.1 Bustadar	7
3.1.1 Klyppemyrhaugen	7
3.1.2 Heggenes bustadfelt	14
3.1.3 Stølslie 4	17
3.1.4 Løken/Tinden	19
3.2 Fritidsbustadar	21
3.2.1 Garli nord	21
3.2.2 Rolistølen	23
3.2.3 Lykkja	26
3.2.4 Grønølsie	29
3.3 Næringsføre mål	32
3.3.1 Raudbrøtmoen	32
3.3.2 Grønølen	35
3.3.3 Mørstad	38
3.3.4 Løken gard	41
3.3.5 Robøle	43
3.4 Andre føremål	45
3.4.1 Fleirbrukstrasé frå skistadion til Garli	45
3.4.2 Furustrand	48
3.4.3 Beitostølen Sentrum 1	51
3.4.4 Liastølen	54
3.4.5 Heranglie barnehagetomt	56
3.4.6 Nerreføss reinseanlegg	59
3.4.7 Mellsenn vassbehandlingsanlegg	62
3.4.8 Reistebakkin	65

1 Innleiing

Plan- og bygningsloven §4-2 andre ledd slår fast at kommuneplanar med retningslinjer eller rammar for framtidig utbygging som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, skal gje ei særskilt vurdering og skildring av planen sine verknader for miljø og samfunn. Konsekvensutgreiinga (KU) skal vere ein del av planskildringa. KU i kommuneplanen tek utgangspunktet i vesentlege forhold for å gje godt nok grunnlag for vedtak.

Ved revisjon av kommuneplanen sin arealdel (KPA) skal det vere eit skilje mellom utgreiing av enkeltområde og for planen samla (forskrift om konsekvensutgreiing §6 og §9). KU skal omtale verknader for miljø og samfunn ut frå kunnskap og naudsynt oppdatering av denne kunnskapen. Utgreiinga skal vera vedtaksrelevant og vera tilpassa utbygginga sitt omfang og pårekeleg konfliktgrad.

Område til utbyggingsføremål i gjeldande kommuneplan 2016-2028 og i kommunedelplan for Beitostølsområdet 2011-2023 og kommunedelplan for Gravfjellet 2013-2025 som ikkje er regulert eller bygd ut, og som kommunen ynskjer å vidareføre i ny arealdel, er ikkje teke med i KU. Nye areal er vurdert etter følgjande kriteria:

- Vurdering og verdsetjing av areala.
- Konsekvensar ved ny arealbruk

1.1 Grunngeving for revidering av konsekvensutgreiingar

I samband med revidering av arealdelen av kommuneplanen har administrasjonen også gjort ei revidering av konsekvensutgreiingane. Konsekvensutgreiingane for innspel til revidert arealdel har ikkje vore gjort på same måte, og det er stor variasjon i kor detaljerte dei er. Dette har administrasjonen ynskja å rette opp i i revidert KU. Ny revidert KU vil difor stå fram som ei delvis ny utgreiing på grunn av funn av feil og manglar i nokre av dei tidlegare utgreiingane. Revider KU er kopla til dei arealendringane som vert føreslått i revidert arealplan.

Fleire av dei innkomne innspela og arealendringane ligg i tilknytning til kvarandre. Med bakgrunn i den behandlinga som er gjort, er nokre område slått saman og administrasjonen har valt å gjera ei felles konsekvensutgreiing for desse områda. Dette er gjort for å skape ein betre heilskap i området og for å få ei betre forståing for utbreiinga av arealendringane som vert føreslått.

I arbeidet med revidering av kommuneplanen sin arealdel har ein del av arealbruksendringane vorte justert i forhold til opphavleg innspel, og difor vil nokre konsekvensutgreiingar vere annleis enn i opphavleg kunngjort KU.

2 Metode

Grunnlag for vurdering og verdsetjing

Områda er vurdert og verdsett ut frå dagens eksisterande areal og arealføremål, medan vurdering av tema og konsekvensar er vurdert ut frå føreslåtte arealendringar.

Vurdering og verdsetjing byggjer på:

- **Naturmangfald:** Viktige naturtypar frå naturbasen, viktige artar, vilt, område verna etter naturmangfaldslova, utvalde naturtypar og utvalde artar
- **Jord- og skogbruk:** Skog og landskap (AR5)
- **Landskap:** Landskapsverdiar, sårbart landskap, viktig kulturlandskap, landemerke.
- **Kulturminne og kulturmiljø:** Automatisk og vedtaksfreda bygg og anlegg, gravminne, kulturmiljø
- **Vassdrag:** Verna vassdrag, kalksjøar, rike kulturlandskapssjøar, strandsone, utvalde naturtypar.

Verdsetjinga er målt til låg, middels eller stor verdi.

Konsekvensvurderte tema

Tabellen under syner kva tema me har undersøkt og kor me har funne informasjon om temaa.

Tema	Innhald (kva er vurdert)	Kunnskap
Naturmiljø og naturmangfald	Naturmangfald (naturtypar og skogområde), viltførekemstar. Område verna etter naturmangfaldslova. Vurderingar etter naturmangfaldslova.	Naturbase, temakart Valdreskart, artskart
Jordbruk	Konsekvensar for landbruksproduksjon og skog. Jordvernstrategi.	Skog og landskap AR5+ dyrkbar mark
Landskap	Visuelt sårbart eller eksponert areal.	Lokal kunnskap, terrengmodell og synfaring.
Kulturminne og kulturmiljø	Freda eller verneverdig kulturminne eller miljø, eldre busetnader og gardstun.	Askeladden kulturminnesøk. Kulturminneplan ØSK
Forureining og klima	Fortetting. Areal og transport. Nedbygging av myr	Kart Grunnforurensingsdatabasen
Friluftsliv og rekreasjon	Turstigar, nærområde for friluftsliv, løyper.	Kart, lokal kunnskap og stig- og løypeplan, ut.no
Barn og unge sine interesser	Uteareal for barn og unge. Vegar/stigar i mellom. Idrettsanlegg.	Kartgrunnlag og lokal kunnskap
Risiko og sårbarheit	Flaum, skred (jord, stein og snø), radon.	Berggrunnskart (Valdreskart), Ulike databasar (NVE, NGU)
Teknisk infrastruktur	Veg, vatn og avlaup.	Kart

Sosial infrastruktur	Utvikling av tenestetilbod som barnehage, skule, helse- og sosialtenester, kultur og bustadar, som kjem alle innbyggjarar i området til gode.	Kart
-----------------------------	---	------

Konsekvensar ved ny arealbruk er vurdert frå - 3 til + 3; frå store negative konsekvensar til store positive konsekvensar. Der ny arealbruk ikkje er vurdert å få spesielle konsekvensar er det sett ei *. Ikkje alle tema er vurdert å vere relevante for alle områda, og desse er ikkje talfesta eller omtala vidare, men er markert med * og vurdert. Der det er manglande kunnskap må det gjennomførast innhenting av ny kunnskap/kartlegging før ei eventuell utbygging, og det vil i så fall kome fram i konklusjonen om dette er naudsynt.

Tabellen under syner skala og kriterium for fastsetjing av konsekvens for temaa.

Skala		Kriterium for konsekvensvurdering
+ 3	Veldig stor positiv konsekvens	Arealendringa får svært store positive konsekvensar og bidreg til ei forbetring for temaet, med positive ringverknadar utover det aktuelle temaet.
+ 2	Stor positiv konsekvens	Arealendringa får store positive konsekvensar og bidreg til ei forbetring for temaet. Kan gje positive ringverknadar.
+ 1	Noko positiv konsekvens	Arealendringa har eller kan få noko positiv konsekvens og forbetring for temaet.
*	Ubetydeleg konsekvens / Liten verknad	Arealendringa er vurdert å ha korkje positiv eller negativ konsekvens for området og forholdet til miljø og samfunn. Også nytta om temaet ikkje vert sett på som relevant for aktuell arealendring.
- 1	Noko negativ konsekvens	Arealendringa har eller kan få nokre negative konsekvensar.
- 2	Stor negativ konsekvens	Arealendringa får stor negativ konsekvens for temaet og bidreg til ei versne for temaet.
- 3	Veldig stor negativ konsekvens	Arealendringa får veldig store negative konsekvensar for temaet, og får ringverknadar og store samla verknadar utover det aktuelle temaet.

2.1 Null-alternativet

Null-alternativet i konsekvensutgreiinga er definert som noverande situasjon i det som er regulert som byggeområde og korleis miljøet truleg vil utvikle seg viss planen ikkje vert gjennomført og området vert liggjande som i dag. I dette tilfellet vil null-alternativet innebere å la gjeldande kommunedelplanar og kommuneplan halde fram å gjelde.

3 Arealformål og konsekvensutgreiing av innspel til nye områder

For utrekning av einingar for innspel til bustadar og fritidsbustadar er følgjande føresetnader lagt til grunn:

- Tomtestorleik 2 daa, der ein på eit samla areal har tatt vekk 40 % til infrastruktur og liknande.
- Samanhengande flater som er **brattare enn 1:4** skal i utgangspunktet ikkje reknast med, og vert uansett tatt ut ved fremjing av reguleringsplan.
- Areal innanfor byggjegrense for vassdrag 30 meter generelt og 50 meter for fritidsbustadar blir ikkje rekna som mogleg areal for å plassere hovudbygg.
- Der innspelet ligg på dyrka eller dyrkbar mark er dette medrekna.

2. høyring/off. ettersyn


3.1 Bustadar

Innspel som går på regulering av areal til bustadar.

3.1.1 Klyppemyrhaugen

Det har kome fleire innspel knytt til områda i og rundt Klyppemyrhaugen bustadfelt. Kommunen ynskjer ein heilskap i området, og har difor valt å gjere ei felles KU for desse områda. Det kan vere aktuelt med felles planlegging for å sikre heilskap i utvikling av området.

Felles overordna kart. Dei lyse områda syner gjeldande reguleringsplan.




Internnummer 77 (Klyppemyrhaugen)

g/b:
3/3

Størrelse:
7,7 daa

Dagens føremål:
*Skogbruk, omsynssone bevaring
kulturmiljø og freda kulturminne*

Føreslått føremål:
Bustad



Internnummer 78 (Klyppemyrhaugen/Haugsynlie)

g/b:
3/16 og 3/24

Størrelse:
17,4 daa

Dagens føremål:
LNFR og friområde

Føreslått føremål:
Bustad og fritidsbustad



Internnummer 90 – FH1

g/b:
3/72

Størrelse:
17,3 daa

Dagens foremål:
Fritids- og turistforemål
(Næring)

Føreslått foremål:
Bustad




Internnummer 106 (Klyppemyrhaugen)

g/b:
3/463 og 3/4

Størrelse:
3/463: 22,1 daa
3/4: 12,7 daa

Dagens foremål:
LNFR og friområde

Føreslått foremål:
Bustad



Om området og foreslåtte arealendringar:

Innspelsområda ligg i tilknytning til Klyppemyrhaugen bustadfelt og grenser til reguleringsplan for Klyppemyrhaugen. Det er registrert fleire freda kulturminne med tilhøyrande bandleggingssonar i området. Det gjeld særleg g/b 3/3 og 3/4, der det ligg automatisk freda kulturminne midt på eigedomane (jernvinneanlegg og kolgroper). Dei andre innspela grensar mot område med kulturminne. Grunneigar for teig 3/3 ynskjer å nytte teigen til einebustadar, og ynskjer at det vert søkt om dispensasjon frå kulturminnelova.

Fylkeskommunen uttala i 2019 at: «Bygging her [3/3] vil kreve endring av planen. Må på nytt offentlig ettersyn og sendes Riksantikvaren (vi sender den dit). Vil trolig medføre krav om utgraving, som tiltakshaverne må dekke. Det er relativt kostbart å grave ut slike anlegg - ikke alltid krav om utgraving. Vil trolig kunne få disp.»

I brev av 05.04.2022 stadfestar Innlandet fylkeskommune denne uttalen som framleis står ved lag. Fylkeskommunen presiserer at denne uttalen berre gjeld det kulturvernfarelege, og at andre fagområde ikkje har uttala seg i saka. I brev av 05.04.2022 heiter det vidare: «Selv om det er fylkeskommunen som har myndighet til å gi dispensasjon jf. Kulturminneloven § 8 første og fjerde ledd, er det ikke opp til oss alene å ta avgjørelsen. Dersom Kulturhistorisk museum i Oslo er uenig i fylkeskommunens vurdering, går saken til Riksantikvaren for avgjørelse.»

I området Klyppemyrhaugen/Haugsynlie (int.nr. 78) er det foreslått å både regulere om til bustadar og til fritidsbustadar. Området er regulert til friområde og LNFR, og er delvis fuktig og har ein del myr og spreidd bjørkeskog. Innspelet vil vere ei utviding av bustadfeltet Klyppemyrhaugen og ei utviding av hytteområdet Haugsynlie. Det ligg teknisk infrastruktur i bakken der ein kan kople seg til. Det renn ein bekk i området mellom Klyppemyrhaugen bustadfelt og Haugsynlie hyttefelt. Ved regulering må det setjast av eit vegetasjonsbelte langs bekken.

Internnummer 90 er tidlegare regulert til næring og utbygging av firmahytter. Ei omregulering til bustadområde er eit positivt tilskot for å samle bustadområda i kommunen.

Vurdering av verdi	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturmangfald		X		Myr, skog
Landskap	X			Kolle og bratt terreng, men med liten verdi
Vassdrag	X			Det renn ei elv/bekk nordaust for bustadfeltet. God økologisk tilstand.
Kulturminne og kulturmiljø			X	Fleire automatisk freda kulturminne
Jord- og skogbruk	X			Uproduktiv skog og myr

Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Gradering / konsekvens	Merknad
Naturmangfald	- 1	Myr, noko vernskog, uproduktiv skog. Nokre trua arter funne i nærleiken av områda som vert foreslått bygd ut. Artane er ikkje registrert på dei aktuelle teigane, men er artar som beveger seg rundt og nyttar eit større område. Tidlegare registrert elgråkk gjennom heile Klyppemyrhaugen bustadfelt.

Jord- og skogbruksinteresser	*	Ein del skog, noko dyrkbar jord rundt områda som er føreslått bygd ut. Vurdert å ha korkje stor positiv eller negativ konsekvens.
Landskap	- 1	Nye bustadområde kan påverke innsyn og utsyn frå og til områda. Delar av området (knytt til int.nr. 77 og 106) ligg på ein liten kolle, med nokre bratte parti i søre del. Vegetasjon bør varetakast, og ny busetnad må tilpassast terreng og landskap for at ikkje fjernverknadane av bustadane vert for store.
Kulturminne og kulturmiljø	- 3	Int.nr. 77, 90 og 106 ligg i område med kolgroper/viktige kulturminne. Ei omregulering av områda vil ha negative konsekvensar for kulturminna. Int.nr. 78 ligg i tilknytning til teig med kulturminne
Vassdrag	*	Det renn ein bekk i området mellom Klyppemyrhaugen bustadfelt og Haugsynlie hyttefelt. Omsyn til overvatn og vegetasjonsbelte langs bekkefar.
Klima og energi	- 1	Utviding og fortetting av innspelsområda krev ny infrastruktur. Ny bustad- og fritidsbustadbygging kan få negative følgjer for myrområda i området, som er viktige karbonlagre.
Tettstadutvikling	+ 2	Int.nr 77 og 106 bidreg til fortetting i området, og ligg heilt eller delvis innanfor eksisterande reguleringsplan for Klyppemyrhaugen. Fortetting av eksisterande bustadfelt er i tråd med strategi for fortetting i kommunen.
Sosial infrastruktur	+ 1	Fortetting og utviding i området bidreg til fleire bustadar og fritidsbustadar for innbyggjarane. Bidreg ikkje til utvikling av anna tenestetilbod.
Teknisk infrastruktur	+ 1	VA er tilgjengeleg. Veg i form av stikkveggar må byggjast ut. Utviding og fortetting av områda kan leggje til rette for ei forbetring av teknisk infrastruktur i området.
Barn og unge	+ 1	Fortetting og utviding i tilknytning til bustadfeltet vil leggje til rette for fleire opparbeida leikeareal for barn og unge
Risiko og sårbarheit	*	Usikker aktsemd mtp radon
Trafikksikkerheit	*	Meir trafikk, men i liten grad av tungtransport. Ei utviding og fortetting av bustadfeltet bør
Friluftsliv og rekreasjon	- 1	Ei utviding og fortetting av bustadområdet vil redusere nærtur- og naturlege leikeområde på Klyppemyrhaugen.
Støy	*	Fleire bilar gjev meir støy i området
Forureining	- 1	Fleire bilar gjev høgare ÅDT og meir støv frå (grus-)vegane
Næringsliv og sysselsetting	*	Ikkje vurdert å ha konsekvensar
Økonomiske konsekvensar for kommunen	*	Vurdert å korkje ha positive eller negative konsekvensar for temaet
Fortetting av eksisterande felt	+ 1	Fortetting og utviding av eksisterande bustadfelt og hyttefelt (int.nr. 106)

Samla vurdering:



Arealendringane vil gje både ei fortetting og ei utviding av eksisterande bustadfelt, og ei utviding av hyttefeltet i Haugsynlie. Det er automatisk freda kulturminne, myr og skog i området, som kan forsvinne med ei utviding av bustad- og hyttefeltet. Ei fortetting og utviding av eksisterande bustadfelt vil vere positivt for tettstadutvikling, og er i tråd med kommunen sin strategi for fortetting i eksisterande område.

Konklusjon:

Kommunedirektøren tilrår ei delvis omregulering av områda. Omreguleringane må ta omsyn til viktig natur (som myrområde), friluft- og rekreasjonsmoglegheiter. Det er ynskjeleg med felles planlegging for vidare utvikling av områda for å sikre heilskap. Når det gjeld int.nr. 106 tilrår me å ikkje bygge ut eigedom 3/4 grunna omsyn til kulturmiljø.

Kommunedirektøren tilrår at følgjande reviderte område vert teke inn i arealdelen av kommuneplanen. Sjå dei to kartutsnitta på neste side.



2. høyring/off. ettersyn



* Kartutsnitt nr. 2 (BB-2-1) syner området Klyppemyrhaugen/Haugsynlie, int.nr. 78. Området avsett til fritidsbustadar er forminska, det same er området føreslått til bustad øst for Klyppemyrvegen. Grunngjevnaden for forminskinga er varetaking av myr i området. Kartutsnitt nr. 1 syner heile området, med BB-2-1 til høgre.

3.1.2 Heggenes bustadfelt

I tilknytning til Heggenes sentrum er det foreslått ei utviding av bustadfeltet i nord, og ei arealendring knytt til flytting av Robølsvegen og ny bustad i sør-aust.



Om området og arealendringa:

Området *Heggenes bustadfelt nord* er i dag avsett til bustadføremål og LNF. Ei arealendring frå LNF til bustadføremål vil ha negativ konsekvens for landskap, natur og friluftsliv, men vil ha positiv effekt for sentrumsutviklinga i Heggenes. Området ligg som ei forlenging av eit eksisterande bustadområde. På andre sida av vegen ligg eit næringsareal som også er føreslått utvida.

Området *Heggenes bustad og infrastruktursone* er avsett til infrastruktur, bustad, tenesteyting og LNFR, og arealendringa gjeld ei flytting av eksisterande veg og utviding av eksisterande føremål. Grunngevinga for flytting av vegtrasé gjeld for kort sikteline inn mot svingen, og at det vil forbetre eit farleg kryss og siktelinjer i og langs veg. Vegen er føreslått å følgje terreng og landskap for å minimere støy.

Vurdering av verdi	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturmangfald		X		<i>Ein raudlista art og fleire artar av nasjonal forvaltningsinteresse registrert rett utanfor avgrensa område Naturtypen lågurtskog av stor verdi er registrert sør i området.</i>
Landskap	X			<i>Ikkje store naturverdiar</i>
Vassdrag	X			<i>Området ligg i nærleik av elva Vinda, men det er ikkje registrert vassførekomst innanfor områdeavgrensing</i>
Kulturminne og kulturmiljø	X			<i>Registrert kulturminne i nærleik av området</i>
Jord- og skogbruk		X		<i>Skog med middels til høg bonitet</i>

Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Gradering / konsekvens	Merknad
Naturmangfald	-1	Det er registrert art av særleg stor forvaltningsinteresse i området Heggenes bustadfelt.
Jord- og skogbruksinteresser	- 1	Moderat til høg bonitet på skog i området, som vil forsvinne med ei utbygging
Landskap	*	Vurdert å ha liten til ingen verknad
Kulturminne og kulturmiljø	*	Vurdert å ha liten til ingen verknad, då kulturminna i området ligg utanfor avgrensing
Vassdrag	*	Vurdert å ikkje få konsekvensar
Klima og energi	+ 1	Endring av areal til bustadområde vil føre til ei meir kompakt utvikling av Heggenes sentrum. Kan på sikt føre til at fleire lar bilen stå heime
Tettstadutvikling	+ 3	Arealendringane vil styrkje utviklinga av Heggenes som kommunesenter, med fleire bustadar og moglegheit for offentleg/privat tenesteyting.
Sosial infrastruktur	+ 1	Fleire bustadar og moglegheit for offentleg tenesteyting (i sør-aust)
Teknisk infrastruktur	+ 1	Dei to områda ligg i tilknytning til eksisterande veg og VA


Barn og unge	+ 1	Bustadområde kan leggje til rette for fleire leikeområde for barn og unge
Risiko og sårbarheit	- 1	Moderat til låg aktsomhet radon
Trafikksikkerheit	+ 1	Utvikling og flytting av veg kan føre til større tryggleik i trafikken, og gjere området meir oversiktleg.
Friluftsliv og rekreasjon	*	Det går ein sti gjennom området frå bustadfeltet i sør opp mot næringsområdet i aust, men det er vurdert å ikkje ha stor positiv eller negativ konsekvens
Støy	- 1	Dei to innspelsområda ligg tett på veg og eksisterande næringsområde, som er foreslått utvida. Dette kan føre til meir støy frå næringsareala og frå transport til og frå området.
Forureining	*	Ikkje registrert i området, men meir trafikk kan føre til meir forureining frå bilar og transport
Næringsliv og sysselsetting	*	Vurdert å ha korkje negativ eller positiv konsekvens for temaet
Økonomiske konsekvensar for kommunen	*	Vurdert å ha korkje negativ eller positiv konsekvens for temaet
Fortetting av eksisterande felt	*	Nei, arealendringane inneber utviding av områda.

Samla vurdering:


Forslag til arealendring inneber at områda vert nytta som bustadfelt. Både innspel bidreg til at kommunesenteret Heggenes vert meir kompakt, og at funksjonar samlast i nærleik av sentrum.

Konklusjon:

Kommunedirektøren tilrår at arealendringane vert teke inn i den reviderte arealdelen av kommuneplanen, men at området *Heggenes bustadfelt* vert redusert i tråd med eigedomsgrense. Sjå kartutsnitt.



3.1.3 Stølslie 4

Stølslie 4 – bustadområde	
<p>g/b: 5/99</p> <p>Størrelse: Om lag 45 daa</p> <p>Dagens føremål: LNFR</p> <p>Føreslått føremål: Bustadområde</p>	

Om føreslått område og arealendring:

Området ligg i tilknytning til eit eksisterande bustadfelt, og vil fungere som ei utviding av bustadfeltet. Området er i dag regulert til LNFR og enkelte tomter til framtidige bustadar, som i dag vert nytta som fritidsbustadar. Arealet er i hovudsak samansett av skog.

Vurdering av verdi	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturmangfald		X		<i>Aust i planavgrensinga er det registrert kalkbjørkeskog av stor verdi og noko slåttemark av svært stor verdi. Det er registrert myr sørvest i området, men området er i dag bygd ned. Noko vernskog</i>
Landskap		X		<i>Området grensar til stølsområde i nord. Stølsområda er viktige identitetsmarkørar i landskapet</i>
Vassdrag	X			<i>Området har ikkje registrerte vassdrag</i>
Kulturminne og kulturmiljø	X			<i>Registrert eit automatisk freda kulturminne (kolframstillingsanlegg).</i>
Jord- og skogbruk	X			<i>Noko produktiv skog på eigedomen</i>

Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Gradering / konsekvens	Merknad
Naturmangfald	- 1	Det er registrert kalkbjørkeskog nedst på eigedomen.
Jord- og skogbruksinteresser	- 1	Området er samansett av noko produktiv skog

Landskap	- 1	Ei arealbruksendring kan påverke stølslandskapet i nord
Kulturminne og kulturmiljø	*	Det er registrert eit kulturminne i området, men endringa vert vurdert å ikkje få store negative konsekvensar
Vassdrag	*	Det er ikkje registrerte vassdrag i området, men det renn ei elv i rør vest for områdeavgrensinga.
Klima og energi	- 1	Hogst av skogsområde gjev meir utslepp enn om skogen vert vareteke som i dag.
Tettstadutvikling	+ 2	Legg til rette for fleire sentrumsnære bustadar
Sosial infrastruktur	+ 1	Sentrumsnære bustadar kan vere med på å byggje opp sosial infrastruktur i området
Teknisk infrastruktur	+ 2	Det ligg til rette for teknisk infrastruktur
Barn og unge	+ 1	Ved utvikling av området til busetnadar kan det setjast rekkjefølgjekrav til at uteområde for barn og unge skal opparbeidast
Risiko og sårbarheit	*	Moderat til låg aktsemd for radon
Trafikksikkerheit	- 1	Fleire bustadar kan gje meir trafikk i og gjennom området
Friluftsliv og rekreasjon	*	Området ligg i nærleik til viktige friområde, men det er registrert få til ingen stiar gjennom området
Støy	*	Vurdert å ikkje ha positive eller negative konsekvensar
Forureining	- 1	Meir trafikk og fleire bilar kan gje meir forureining. Ikkje registrert forureining innanfor planavgrensinga
Næringsliv og sysselsetting	*	Vurdert som ikkje relevant
Økonomiske konsekvensar for kommunen	*	Vurdert å ikkje ha verknad
Fortetting av eksisterande felt	*	Nei, men ei utviding knytt til eksisterande bustadfelt

Samla vurdering:

Utvidinga av bustadfeltet på Stølsli 4 er vurdert som svært positivt for tettstadutvikling på Beitostølen. Det er registrert ein viktig naturtype sør på eiegen som bør verte vareteke ved bustadutvikling. Barn og unges interesser må sikrast og det må leggjast til rette for uterom som møter deira behov.

Konklusjon:

Kommunedirektøren tilrår arealendringa, men legg vekt på at området i sør, som er registrert med viktig naturtype kalkbjørkeskog, så langt det let seg gjere vert vareteke ved ei utvikling av området.

3.1.4 Løken/Tinden

Løken/Tinden	
<p>g/b: <i>Delar av 34/151</i></p> <p>Størrelse: <i>Om lag 1 daa</i></p> <p>Dagens føremål: <i>LNFR (tiltak for stadbunden næring)</i></p> <p>Føreslått føremål: <i>Bustad</i></p>	

Kartutsnitt

Om føreslått område og arealendring:

Arealet er i dag sett av til LNF med tunet på det som var eit småbruk under Løken gard. Eigedomen er dei seinare åra nytta som utleigeføremål i bustadmarknaden og vert no nytta som kommunal utleigebustad. Arealet som vert omdisponert er arealet rundt bygningane, og ikkje anna areal og ikkje dyrka eller dyrkbar mark. Bygga er statleg listeført, og er difor gjeve vernestatus 2. Kulturminne i denne kategorien er vurdert å ikkje ha nasjonal verdi, og ved eit eventuelt sal er det tilrådd at kulturminna vert regulert til omsynssone kulturmiljø.

Endringa av arealeformålet vil ikkje skape endringar som førar til vesentlege konsekvensar for nytta i dag.

Vurdering av verdi	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturmangfald	X			<i>Ikkje registrert høgt naturmangfald</i>
Landskap	X			<i>Ikkje registrert landskap av høg verdi</i>
Vassdrag	X			<i>Ikkje registrert vassdrag</i>
Kulturminne og kulturmiljø		X		<i>Dei tre bygga er statleg listeført.</i>
Jord- og skogbruk	X			<i>Ikkje registrert jord- og skogbruksverdiar</i>

Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Gradering / konsekvens	Merknad
Naturmangfald	*	Naturbeitemark av middels verdi er registrert nedanfor planområde, men arealendringa inneber inga reell endring av området, og difor vert det

		vurdert å ikkje få store konsekvensar for naturmangfald
Jord- og skogbruksinteresser	*	Arealendringa er vurdert å ikkje få store konsekvensar for jord- og skogbruksinteresser
Landskap	*	Arealendringa vil ikkje få konsekvensar for landskapet
Kulturminne og kulturmiljø	+ 1	Bygga er statleg listeført. Området ligg i omsynssone kulturmiljø
Vassdrag	*	Vurdert ikkje relevant
Klima og energi	*	Arealendringa vil følgje dagens bruk av området, og vil ikkje få store konsekvensar for klima og energi
Tettstadutvikling	*	Området vil ikkje bidra til tettstadutvikling
Sosial infrastruktur	+ 1	Busetnaden er dei seinare åra nytta til utleige
Teknisk infrastruktur	*	Vurdert som ikkje relevant, då dagens føremål i praksis vert vidareført
Barn og unge	*	Vurdert å ha korkje negativ eller positiv konsekvens
Risiko og sårbarheit	*	Ikkje vurdert å ha risiko eller vere plassert i eit sårbart område
Trafikksikkerheit	*	Vurdert å ikkje ha positiv eller negativ konsekvens
Friluftsliv og rekreasjon	*	Ligg i tilknytning til eit friområde, men omreguleringa vil ikkje gå utover friområdet
Støy	*	Vurdert å ha korkje negativ eller positiv konsekvens
Forureining	*	Vurdert å ha korkje negativ eller positiv konsekvens
Næringsliv og sysselsetting	+ 1	Vurdert å kunne ha noko positiv konsekvens om bygga framleis vert leigd ut
Økonomiske konsekvensar for kommunen	*	Vurdert å ikkje vere relevant
Fortetting av eksisterande felt	*	Nei

Samla vurdering:

Arealendringa skjer på bakgrunn av at planen skal samsvare med dagens bruk. I dag er området nytta som bustadføremål, men er registrert som LNFR – tiltak for stadbunden næring.


Konklusjon:

Området er allereie bygd ut, og kommunedirektøren tilrår at arealføremålet vert endra til bustadføremål. Omsynssone bevaring kulturmiljø vert ståande.

3.2 Fritidsbustadar

Innspel til endringar som går på regulering av areal til fritidsbustadar. Øystre Slidre kommune har ein stor og variert fritidsbustadreserve.

3.2.1 Garli nord



Om føreslått område og arealendring:

Innspelet om Garli nord gjeld ei utviding av eksisterande hyttefelt på Garli, nord for Beitostølen sentrum. Området er i dag avsett til LNFR friområde, og ligg i tilknytning til eit nærturområde. Det er ikkje registrert stort naturmangfald i avgrensa område, men området rundt har store naturverdiar og er eit populært friområde.

Vurdering av verdi	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturmangfald	X			<i>Ikkje stort naturmangfald i avgrensa område</i>
Landskap	X			<i>Området ligg bak eit eksisterande hyttefelt, og har ikkje store visuelle kvalitetar</i>
Vassdrag	X			<i>Ikkje registrert innanfor planavgrensing</i>
Kulturminne og kulturmiljø	X			<i>Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø</i>
Jord- og skogbruk	X			<i>Ikkje relevant</i>

Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Gradering / konsekvens	Merknad
Naturmangfald	- 1	Registrert noko myr i nærområdet, ovanfor føreslått planavgrensing. Registrert viktige naturtypar (boreal hei) med stor verdi ovanfor området. Området er difor vurdert å få konsekvens - 1, fordi det ligg i nærleik av desse områda og resulterer i ei mindre nedbygging av natur
Jord- og skogbruksinteresser	*	Ikkje relevant
Landskap	*	Vil ha liten til ingen innverknad på landskap så lenge det følgjer byggjeskikk i området
Kulturminne og kulturmiljø	*	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø
Vassdrag	*	Ikkje registrert vassdrag i området
Klima og energi	+ 1	Området ligg i tilknytning til eksisterande hyttefelt og infrastruktur
Tettstadutvikling	*	Ikkje relevant
Sosial infrastruktur	- 1	Gjev ikkje offentlege goder attende til innbyggjarane
Teknisk infrastruktur	+1	Ligg i område med eksisterande infrastruktur
Barn og unge	- 1	Hytter i friområdet kan føre til privatisering av nærturområde
Risiko og sårbarheit	*	Usikkerheit omkring radon. Ikkje registrert anna risiko/sårbarheit
Trafikksikkerheit	*	Vurdert å korkje ha positive eller negative konsekvensar
Friluftsliv og rekreasjon	- 1	Registrerte stiar i området vil forsvinne ved utviding av hyttefelt. Området ligg i tilknytning til populært friområde
Støy	- 1	Delar av området ligg innanfor støysone frå fylkesveg 51
Forureining	*	Ikkje registrert forureining i området. Hyttefeltet er registrert å ikkje forureine
Næringsliv og sysselsetting	*	Vurdert å ha korkje positiv eller negativ konsekvens for temaet
Økonomiske konsekvensar for kommunen	*	Vurdert å ikkje få økonomiske konsekvensar
Fortetting av eksisterande felt	*	Nei. Området er ei utviding av eit eksisterande hyttefelt

Samla vurdering:



Føreslått område Garli nord ligg i eit område med få eksisterande kvalitetar, men det er registrert fleire små stiar/tråkk innanfor avgrensa område. Utbygginga av hyttefeltet er vurdert å ikkje få store konsekvensar.

Konklusjon:

Kommunedirektøren tilrår ei arealbruksendring frå friområde til fritidsføremål.

3.2.2 Rolistølen

Det har kome innspel på to teiger på Rolistølen, og me har valt å gjere ei samla konsekvensutgreiing.



Om føreslått område og arealendring:

Innspela baserer seg på ei utviding av hyttfeltet på Luskeråsen, med dei forholda dette utbyggingsområdet ville føre med seg, som t.d. teknisk infrastruktur. Store område ved Luskeråsen er etter kartlegging teke ut av kommuneplanen sin arealdel for å varetake naturverdiar, og grunnlaget for dei to innspela til Rolistølen er difor endra.

Det er ikkje gjort kartleggingar av natur i området som er føreslått bygd ut, og ved ei utbygging må det gjerast ei omfattande kartlegging og ROS-analyse i reguleringsplanprosess.

Vurdering av verdi	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturmangfald		X		<i>Sør for områda er det registrert naturtype med svært stor verdi (gammal grandominert naturskog). Dei to planområda er ikkje kartlagt, men med utgangspunkt i deira plassering er det nærliggjande å tru at det kan finnast viktige naturtypar også i dessa områda.</i>
Landskap	X			<i>Grunntype landskap: Slakt til småkupert ås- og fjellandskap under skoggrensa med bebygde område</i>
Vassdrag	X			<i>Ingen vassdrag i nærleik av områda</i>
Kulturminne og kulturmiljø		X		<i>Nokre kulturminne i området int.nr. 74 (jernvinne- og kolframstillingsanlegg)</i>
Jord- og skogbruk		X		<i>Vernskog, skog med låg bonitet. I nærleik: natyrtype gammal grandominert naturskog. Hogstklasse 4. Område int.nr. 71 ligg innanfor omsynssone landbruk.</i>

Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Gradering / konsekvens	Merknad
Naturmangfald	- 1	Mangelfull kartlegging av områda. Potensielt stor konsekvens om områda vert utbygd
Jord- og skogbruksinteresser	- 1	Mangelfull kartlegging, men store område med skog i områda. Område int.nr.71 ligg innanfor omsynssone landbruk
Landskap	*	Vurdert å ha liten konsekvens for landskapet
Kulturminne og kulturmiljø	- 1	Registrert automatisk freda kulturminne i området (int.nr. 74)
Vassdrag	*	Vurdert som ikkje relevant
Klima og energi	- 1	Sjå merknad teknisk infrastruktur knytt til etablering av VA
Tettstadutvikling	*	Nei
Sosial infrastruktur	*	Vurdert å ha korkje positive eller negative konsekvensar
Teknisk infrastruktur	- 2	Ikkje etablert VA, men etablert veg. Påkopling til VA vil krevje relativt store inngrep
Barn og unge	*	Vurdert å ha korkje positive eller negative konsekvensar
Risiko og sårbarheit	- 1	Registrert faresone ras- og snøskred nordaust for planavgrensing
Trafikksikkerheit	*	Vurdert å ha korkje positive eller negative konsekvensar

Friluftsliv og rekreasjon	*	Områda er ikkje vurdert å ha store verdiar knytt til friluftsliv og rekreasjon. Ikkje registrert stiar/tråkk i området, men ligg i tilknytning til eksisterande hyttefelt
Støy	*	Arealendringa er vurdert å ikkje få konsekvensar i form av støy
Forureining	- 1	Arealendringa er vurdert å få nokre konsekvensar i form av støv frå grusveggar
Næringsliv og sysselsetting	*	Vurdert ikkje relevant
Økonomiske konsekvensar for kommunen	*	Vurdert ikkje relevant
Fortetting av eksisterande felt	*	Delvis. Fortetting innanfor eigedom 30/1

Samla vurdering:


Det er ikkje gjort naturkartleggingar i områda som vert føreslått endra til fritidsbustadar. Området må kartleggjast for eventuelle utbyggingar. Innanfor omsynssone landbruk skal det ikkje etablerast nye fritidsbustadar.

Konklusjon:

Området ligg inne i kommunedelplan for Gravfjellet. Kommunedirektøren tilrår arealendringa, men ikkje regulering før kommunen har gjennomført kartlegging i naturmangfaldsplan eller det er gjort tilsvarande naturkartlegging av området.

Kommunedirektøren tilrår fortetting på eigedom 30/1, int.nr. 74, med forutsetning at det vert gjort ei KU i samband med reguleringsplanprosess.

3.2.3 Lykkja

Lykkja fritidsbustadområde	
<p>g/b: 1/2</p> <p>Størrelse: Om lag 8 daa</p> <p>Dagens føremål: LNFR</p> <p>Føreslått føremål: Fritidsbustad</p>	

Om føreslått område og arealendring:

Arealendringa gjeld eit område som ligg inne i eit eksisterande felt med hytter. Området er i dag avsett til LNFR, og det ligg fleire hytter i området. Det er eit ynskje om fire tomter innanfor planavgrønsinga.

Området ligg i eit beitelandskap utan registrerte landskapsverdiar knytt til kulturlandskap, men i nærleiken er det registrert stølslandskap med viktig verdi både for naturmangfald og med kulturminneverdi. Til tross for at avgrensa område ikkje er registrert med viktig verdi, er det nærliggjande å sjå dei to landskapa i samanheng med kvarandre, også når det gjeld fjernverknadar av nye inngrep i landskapet.

Vurdering av verdi	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturmangfald			X	Registrert naturtypene rik boreal lauvskog med middels verdi og naturbeitemark av stor verdi
Landskap		X		Beitelandskap med stølspreg
Vassdrag	X			Det renn ei elv aust for planområda
Kulturminne og kulturmiljø	X			Registrert automatisk freda kulturminne (jernvinneanlegg og kolframstillingsanlegg) i nærleiken
Jord- og skogbruk		X		Beitelandskap.

Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:


Tema	Gradering / konsekvens	Merknad
Naturmangfald	- 2	Området er samansett av naturtypar med varierende verdi, frå middels til stor
Jord- og skogbruksinteresser	- 1	Om sumaren går det geit i område, uavklart avgrensing
Landskap	- 1	På andre sida av dalen er det registrert svært verdifulle kulturlandskap, men området avgrensinga ligg i er ikkje registrert. Delvis bratt terreng
Kulturminne og kulturmiljø	*	Det er registrert automatisk freda kulturminne i området, men tomtene kan leggjast kring desse
Vassdrag	*	Det ligg ein bekk utanfor planavgrensinga, men den er ikkje vurdert å verte påverka av arealendringa
Klima og energi	- 1	Utvikling av området krev teknisk infrastruktur som ikkje er tilgjengeleg i dag
Tettstadutvikling	*	Bidreg ikkje til tettstadutvikling
Sosial infrastruktur	*	Bidreg ikkje til auka sosial infrastruktur
Teknisk infrastruktur	- 1	Området ligg innanfor omsynssone infrastruktur. Ikkje etablert VA
Barn og unge	*	Arealendringa vil ikkje ha store konsekvensar for barn og unge
Risiko og sårbarheit	*	Radon: moderat til låg aktsemd. Ligg ikkje innanfor område for skred- eller rasfare
Trafikksikkerheit	*	Vurdert å ikkje få store konsekvensar for trafikktryggleik
Friluftsliv og rekreasjon	*	Ikkje registrert stiar eller turområde innanfor føreslått område for arealendring
Støy	*	Vurdert å ikkje få konsekvensar
Forureining	*	Vurdert å ikkje ha innverknad på forureining
Næringsliv og sysselsetting	*	Vurdert å ikkje ha positive eller negative konsekvensar for næringsliv og sysselsetting
Økonomiske konsekvensar for kommunen	*	Vurdert ikkje relevant
Fortetting av eksisterande felt	*	Delvis. Arealendringa kan fungere som ei fortetting av eit eksisterande hytteområde, då det ligg mellom veg og hytter

Samla vurdering:

Området ligg i eit beite- og skoglandskap, utan tilgjengeleg infrastruktur (VA). Området ligg i eit bratt terreng, og ei utvikling av området til fritidsbusetnadar må take omsyn til terrengtilpassing. Føreslått avgrensing som gitt over er ikkje detaljert nok, og kommuneadministrasjonen føreslår avgrensing som gitt i kartutsnitt på neste side.

Konklusjon:

Kommunedirektøren tilrår ei arealendring som synt på kartutsnittet under (F-8). Følgjande arealutsnitt er på om lag 8,2 daa. Det vert sett krav om regulering av infrastruktur, miljø- og naturkartlegging i reguleringsplan.



2. høyring

3.2.4 Grønolslie

Grønolslie	
<p>g/b: 2/1</p> <p>Størrelse: Om lag 8,4 daa</p> <p>Dagens føremål: Friluftsområde (reg. plan)</p> <p>Føreslått føremål: Fritidsbustad</p>	

Om føreslått område og arealendring:

Arealendringa legg til rette for ei vidare utvikling av hyttefeltet på Grønolslie. Innspelsområda ligg i vernskogbeltet rundt Grønolshøvda, og det er registrert store område med viktige naturtypar i området.

A4 er registrert som skog med middel bonitet og består i hovudsak av impediment skog og open jorddekt fastmark. Delar av innspelsområde A5 er registrert som dyrkbar jord. A4 og A5 er føreslått i forlenging av eksisterande felt og blir knytt til etablert infrastruktur – veg og VA. A1, A2 og A3 ligg ikkje i tilknytning til eksisterande infrastruktur, og ligg i område med viktige naturtypar med stor til svært stor verdi samt med artar av særleg stor forvaltingsinteresse.

Innspelsområda ligg i same høgd og landskapsrom som eksisterande hyttar.

Vurdering av verdi	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturmangfald			X	Det er fleire viktige naturtypar i og kring området: rik boreal lauvskog med stor verdi, gamal lågurtospeskog med svært stor verdi, naturbeitemark med stor verdi, gamal boreal lauvskog med middels verdi og semi-naturleg myr med svært stor verdi. Nokre nær trua artar er registrert (olivenfiltlav, skorpepiggsopp, labbmose). Også funksjonsområde for artar/trekkroute
Landskap	X			Området ligg i skrånande terreng
Vassdrag	X			Ikkje registrert vassdrag innanfor føreslått område

Kulturminne og kulturmiljø		X		<i>Registrert automatisk freda kulturminne i området (jernvinneanlegg, kolframstillingsanlegg og eit busetnad-/aktivitetsområde)</i>
Jord- og skogbruk		X		<i>Produktiv skog, ikkje dyrkbar mark</i>

Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Gradering / konsekvens	Merknad
Naturmangfald	- 2	Føreslått utviding ligg i område med viktige naturverdiar
Jord- og skogbruksinteresser	- 1	Området er samansett av skog, og delar er og registrert som open jorddekt fastmark
Landskap	*	Vurdert å ikkje ha stor innverknad på landskapet
Kulturminne og kulturmiljø	*	Vurdert å ikkje ha stor innverknad på landskapet om områda rundt kulturminna ikkje vert bygd ned
Vassdrag	*	Ikkje registrert vassdrag innanfor områda som er føreslått endra
Klima og energi	*	Vurdert å ikkje få konsekvensar for klima og energi
Tettstadutvikling	*	Vil ikkje bidra til tettstadutvikling
Sosial infrastruktur	*	Endringa legg ikkje til rette for utvikling av sosial infrastruktur
Teknisk infrastruktur	+1	Eksisterande VA i området
Barn og unge	*	Vurdert å ikkje ha innverknad på barn og unges interesser
Risiko og sårbarheit	- 1	Skredområde og aktsemdsområde for flaum i delar av området. Radon: moderat til låg aktsemd i store delar av området, medan det nord i avgrensinga er høg aktsemd
Trafikksikkerheit	*	Arealendringa vil ikkje ha innverknad på trafikktryggleik
Friluftsliv og rekreasjon	- 1	Området ligg i eit friluftsområde, og det er registrert nokre stiar i området
Støy	*	Vurdert å korkje ha positive eller negative konsekvensar
Forureining	*	Vurdert å korkje ha positive eller negative konsekvensar
Næringsliv og sysselsetting	*	Vurdert å ikkje ha positive eller negative konsekvensar
Økonomiske konsekvensar for kommunen	*	Vurdert å korkje ha positive eller negative konsekvensar
Fortetting av eksisterande felt	*	Nei, men er ei utviding av eit eksisterande hyttefelt.

Samla vurdering:

Kommuneadministrasjonen vurderer at områda A4 og A5 vil ha mindre konsekvensar for naturverdiar enn dei andre føreslåtte områda. Utbygging av desse områda vil fungere som ei forlenging og utviding av eksisterande hytteområde. Området er i dag regulert.

Konklusjon:


Kommunedirektøren tilrår at delar av innspelet (A4, A5 og ny A7) vert teke inn i revidert arealdel av kommuneplanen. Område A7 er flytta på for å innpassast i landskapet. Forslag til ny områdeavgrensing er på om lag 8,4 daa. Sjå kartutsnitt for forslag til områdeavgrensinga.



3.3 Næringsføremål

Endringar som går på regulering av areal til næring.

3.3.1 Raudbrøtmoen



Om området og føreslåtte arealendringar:

Området er per i dag regulert til LNFR, og ligg i tilknytning til eksisterande næringsområde på Raudbrøtmoen. I aust renn elva Vinda. Arealet er samansett av skog med låg til middels bonitet.

Omreguleringa gjeld ei utviding av eksisterande næringsområde på Raudbrøtmoen, nord-aust for Heggnes sentrum. Det føreslåtte området ligg i eit område med viktige friluftsiinteresser, og inkluderer eit idrettsanlegg.

Vurdering av verdi	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturmangfald		X		Skog, nokre artar av særleg stor forvaltingsinteresse i området.
Landskap	X			Landskapet har liten verdi.
Vassdrag		X		Det renn ei elv i nærleik til føreslått område.

Kulturminne og kulturmiljø		X		<i>Registrert automatisk freda kulturminne i området.</i>
Jord- og skogbruk	X			<i>Skog med låg til middels bonitet.</i>

Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Gradering / konsekvens	Merknad
Naturmangfald	- 1	Nokre artar av særleg stor forvaltingsinteresse er registrert i området
Jord- og skogbruksinteresser	- 1	Området er samansett av skog med låg til middels bonitet
Landskap	*	Det er vurdert at endringa korkje vil ha negativ eller positiv konsekvens for landskap. Inngrep i landskapet kan få negative konsekvensar om det ikkje vert teke omsyn til terreng og om det vert bygd i høgda
Kulturminne og kulturmiljø	- 1	Det er registrert automatisk freda kulturminne i foreslått område (kolframstillingsanlegg)
Vassdrag	*	Endring i føremål vil ikkje påverke vassdrag
Klima og energi	*	Arealendringa er vurdert å korkje få store negative eller positive konsekvensar
Tettstadutvikling	+ 1	Eit utvida næringsområde kan skape arbeidsplassar som kan føre til at fleire boset seg i kommunen
Sosial infrastruktur	*	Arealendringa er vurdert å korkje få store negative eller positive konsekvensar
Teknisk infrastruktur	- 1	Veg og VA må utvidast
Barn og unge	- 2	Nytt føremål vil gjere nærturområdet mindre tilgjengeleg, og fjerning av idrettsplassen vil gå ut over barn og unges interesser
Risiko og sårbarheit	*	Vurdert å ha korkje positive eller negative konsekvensar
Trafikksikkerheit	*	Utviding av næringsareal vil føre til meir transport i området
Friluftsliv og rekreasjon	- 2	Området vert nytta som nærtur- og friområde. Ei arealendring vil gå ut over dei eksisterande friluftskvalitetane, og fjerning av idrettsanlegget vil vere negativt for idrett og rekreasjon
Støy	- 1	Avhenger av kva type næring som vert etablert i området. Utvida næringsareal kan føre til meir støy frå transport til og frå området
Forureining	- 1	Det er ikkje registrert forureining i området. Ny næring vil kunne medføre meir transport
Næringsliv og sysselsetting	+ 2	Utvikling av meir næringsareal vil ha positiv verknad for næringsliv og kan bidra til meir lokal sysselsetting
Økonomiske konsekvensar for kommunen	+ 1	Meir næring vil kunne gje positive økonomiske utslag, og tiltrekkje og halde på bedriftene
Fortetting av eksisterande felt	- 1	Nei. Forslaget er ei utviding av næringsareal i eksisterande område

Samla vurdering:


Utvidinga av næringsområdet vil gje positive konsekvensar for næringsliv, sysselsetting og tenesteyting, og ei samlokalisering av næringsareal kan gje positive ringverknader.

Konklusjon:


Kommunedirektøren tilrår ei delvis utbygging av området, der området vert omdisponert frå LNF til næringsføremål, men legg vekt på at det må takast omsyn til friluftsliv og barn og unges interesser. For å ikkje råke vassdraget tilrår kommunedirektøren at grensa vert trekt innover. Idrettsanlegget er teke heilt ut av føreslått arealendring for å varetake barn og unges interesser jf. kunnskap som kom fram i Norconsult sin kartlegging av nærmiljøkvalitetar (2024).

Kommunedirektøren tilrår at areala rundt vert teke inn med omsynssone friluftsliv som eit kompensierende tiltak. I omsynssona for friluftsliv kan det leggest betre til rette for friluftsliv, med t.d. merking, info-skilt, møteplassar/gapahuk, bru over Vinda m.m. Slike tiltak må eventuelt gjerast i samarbeid med brukarane av området og når det eventuelt er tilgjengelege midlar til å gjennomføre tiltaka.

Sjå kartutsnitt under for føreslått tilråding og avgrensing av næringsområdet. Arealet i sør er teke ut for å sikre idrettsplass og eksisterande stiar i området. Tilråda arealendring er på om lag 27 daa.



3.3.2 Grønolen



Om føreslått område og arealendring:

Området er føreslått som fritids- og turistføremål, som legg til rette for utleiehytter og andre former for overnattingsanlegg som vert drifta i ein kommersiell samanheng. Ei utviding av området rundt Grønolen Fjellgard kan vere positivt for næring og sysselsetting i kommunen.

Naturtypen naturbeitemark, som er en sårbar (VU) naturtype med sentral økosystemfunksjon, er registrert i området. Området ligg i eit delvis bratt terreng med faresone for ras og skred, og utviding av det eksisterande feltet kan vere negativt visuelt for landskapet.

Vurdering av verdi	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturmangfald		X		Registrert naturtypen naturbeitemark (VU).
Landskap		X		Bratt terreng
Vassdrag	X			Det er registrert nokre små vassdrag i området.
Kulturminne og kulturmiljø		X		Det er registrert automatisk freda kulturminne i og i nærleiken av teigen.

Jord- og skogbruk		X		<i>Innmarksbeite og fulldyrka jord. Skog m/lav bonitet, bjørkeskog med høgstauder</i>
-------------------	--	---	--	---

Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:


Tema	Gradering / konsekvens	Merknad
Naturmangfald	- 2	Naturbeitemark m/middels og stor verdi. Registrert nær trua art, flekkgrisøre (karplante), i nærleiken av området heilt i sør (observasjon gjort i 2002, bør sjekkast ut ved synfaring)
Jord- og skogbruksinteresser	- 2	Naturbeitemark i vestre del av teig, fulldyrka jord i nordre del av teig, bjørkeskog med høgstauder. Noko vernskog
Landskap	- 1	Bratt terreng. Bygging i terrenget kan få negative visuelle konsekvensar, og bygging bør tilpassast terreng og landskap
Kulturminne og kulturmiljø	- 1	Det er registrert fleire automatisk freda kulturminne (kolframstillingsanlegg) i området
Vassdrag	*	Vurdert å ikkje ha verknad for området
Klima og energi	*	Ei fortetting i området vil krevje minimalt med ny infrastruktur, som kan ha meir positivt klimaavtrykk enn om alt må byggjast opp frå grunn av
Tettstadutvikling	*	Vurdert å ikkje ha innverknad på tettstadutvikling
Sosial infrastruktur	+ 1	Bidreg til meir tenesteyting
Teknisk infrastruktur	+ 1	VA og eksisterande veginfrastruktur er tilgjengeleg i området
Barn og unge	*	Vurdert å ikkje ha korkje positive eller negative konsekvensar
Risiko og sårbarheit	- 1	Området ligg i omsynssone/faresone ras- og skred. Utbygging i bratt terreng kan føre til økt skred- og rasfare. Det er registrert låg til moderat aktsemd for radon i området
Trafikksikkerheit	*	Næring og turistføremål kan føre til meir transport
Friluftsliv og rekreasjon	*	Ikkje registrert viktige område for friluftsliv, men området ligg rett nedanfor fjellet Blåhovda
Støy	*	Meir aktivitet og fleire turistar i området kan føre til meir støy
Forureining	*	Ikkje registrert forureina grunn
Næringsliv og sysselsetting	+ 1	Meir sysselsetting i kommunen
Økonomiske konsekvensar for kommunen	+ 1	Meir sysselsetting og auka turistaktivitet i kommunen
Fortetting av eksisterande felt	*	Delvis – fortetting innanfor avgrensa område

Samla vurdering:


Det er registrert sårbar naturtype av stor og middels stor verdi i området, som det må takast omsyn til. Området kan få positive konsekvensar for kommunen i form av meir sysselsetting og fleire turistar.

Konklusjon:

Kommunedirektøren tilrår at arealet i vest, som er i konflikt med naturbeitemark, vert teke ut som næringsføremål og ført attende til LNF. Arealet vert redusert for å ikkje vere i konflikt med naturmangfaldet i området, som m.a. består av naturbeitemark. Sjå kartutsnitt under for forslag til kor grensa i vest kan gå for å ikkje vere i konflikt med naturbeitemark.



3.3.3 Mørstad



Om føreslått område og arealendring:

Området er føreslått regulert til næring for akvakultur. Området er ikkje NiN-kartlagt, og kunnskapsgrunnlaget er ikkje godt nok til at me kan utføre ei god nok konsekvensutgreiing.

Verdivurdering og konsekvensutgreiing er difor gjort med utgangspunkt i ei større avgrensing av området for å sjå på fjernverknadene av arealendringa.

Næringsarealet er føreslått lagt høgare opp i terrenget og ikkje heilt ned mot fjorden for å sikre at det ligg ovanfor og utanfor flaumsona.

Vurdering av verdi	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturmangfald			X	<i>Området som heilskap har store naturverdiar. Utanfor avgrensa planområde er det registrert fleire naturtypar med svært stor verdi, samt fleire naturtypar med stor verdi. Myr er registrert rundt planområdet.</i>
Landskap		X		Merknad: <i>For å vurdere landskapsverdi må det gjerast ei synfaring til området. Potensielle inngrep kan få fjernverknader som ikkje er synleg på eit kart.</i>
Vassdrag		X		<i>Elv og fjord i området</i>
Kulturminne og kulturmiljø			X	<i>Fleire automatisk freda kulturminne</i>

				<i>(kolframstillingsanlegg) i planavgrensing. I området rundt er det registrert mange slike freda kulturminne</i>
Jord- og skogbruk		X		<i>Planen ligg i eit skogsområde. Ein vegtrasé vil sannsynlegvis gå gjennom både skogs- og jordbruksområde.</i>

Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Gradering / konsekvens	Merknad
Naturmangfald	- 2	Det manglar eit grundig kunnskapsgrunnlag for å kunne seie noko om naturmangfald i området. Området er ikkje NiN-kartlagt, men det er gjort kartleggingar i områda rundt som syner at etablering av vegar og teknisk infrastruktur vil gje negativt utslag på naturmangfald. Sjølv om området ikkje er kartlagt, er det sannsynleg at det vil innehalde viktige naturtypar gitt områda rundt. Grunna infrastruktur som vil gå inn i området, får området - 2 på graderinga.
Jord- og skogbruksinteresser	- 2	Området ligg i skog. Ein vegtrasé vil sannsynlegvis gå gjennom både skogs- og jordbruksområde med høgt naturmangfald
Landskap	- 2	Eit stort næringsbygg vil gje negative visuelle konsekvensar for eit stort område – fjernverknadane vil vere store
Kulturminne og kulturmiljø	- 2	Fleire automatisk freda kulturminne (kolframstillingsanlegg) i planavgrensing. I området rundt er det registrert mange slike freda kulturminne
Vassdrag	- 1	Næring tett på vassdrag kan få negative konsekvensar for vassdraget
Klima og energi	- 1	Området krev store inngrep i form av infrastruktur og bygd areal, som vil få negativ verknad på klima
Tettstadutvikling	- 2	Arealendringa bidreg ikkje til tettstadutvikling
Sosial infrastruktur	*	Arealendringa er vurdert å ikkje ha innverknad på sosial infrastruktur
Teknisk infrastruktur	- 3	Det er ikkje lagt til rette for infrastruktur (veg, VA) inn til føreslått næringsområde
Barn og unge	*	Arealendringa er vurdert å ikkje vere relevant for tema barn og unge
Risiko og sårbarheit	*	Usikkerheit rundt aktsemd radon. Området ligg i nærleik til aktsemdflate for flaum, men det er føreslått å leggje næringsareal høgare i terrenget
Trafikksikkerheit	- 2	Ny infrastruktur/veg er føreslått å leggjast saman med nyleg anlagt tursti. Mykje trafikk og tungtransport på tiltenkt sti vil gje store negative konsekvensar for friluftslivet
Friluftsliv og rekreasjon	- 2	Registrerte stiar i området
Støy	- 1	Kan føre til støy

Forureining	- 1	Kan føre til forureining
Næringsliv og sysselsetting	+ 1	Nytt næringsareal vil føre til fleire arbeidsplassar
Økonomiske konsekvensar for kommunen	*	Vurdert ikkje relevant
Fortetting av eksisterande felt	*	Nei

Samla vurdering:

Føreslått område ligg langs med ei fjord, og det er ikkje infrastruktur (inkl. veg, VA) inn i området. Arealendringa fordrar at det må leggst til rette for teknisk infrastruktur. I områda det er føreslått infrastruktur er det store områder med naturtypar av stor til svært stor verdi, og fleire områder med registrert myr. Det er ikkje gjort gode nok kartleggingar i det området kor det vert føreslått ny næring. Statens vegvesen uttrykker at det er eit område utan noko form for infrastruktur, og eit inngrep vil krevje ein grundig prosess med reguleringsplan.

Konklusjon:

Kommunedirektøren tilrår at området ikkje vert teke inn i kommuneplanen sin arealdel.

2. høyring/off. ettersyn

3.3.4 Løken gard

Løken gard	
<p>g/b:</p> <p>Størrelse: <i>Om lag 22,6 daa</i></p> <p>Dagens foremål: <i>LNFR - Spreidd næring</i></p> <p>Foreslått foremål: <i>Næringsverksemd + bustad</i></p>	

Om foreslått område og arealendring:

Løken gard har i dag foremål LNFR spreidd næring, og det er ynskeleg at den vert regulert om til næringsverksemd og noko bustadareal innanfor avgrensa område. Omreguleringa vil ikkje ha store konsekvensar for området, då det i stor grad vert nytta som dette i dag. Endringa vil føre til at det i framtida er mogleg å skilje ut tomtene.

Vurdering av verdi	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturmangfald	X			<i>Ikkje registrert stort mangfald innanfor avgrensinga, men det er nokre viktige naturtypar nord for planavgrensing</i>
Landskap		X		<i>Ikkje registrert store landskapsverdiar, men området si rolle som kulturlandskap er viktig å verne om</i>
Vassdrag	X			<i>Ikkje registrerte vassdrag i området</i>
Kulturminne og kulturmiljø		X		<i>Alle bygga innanfor avgrensinga er forskriftfrelde. Alle inngrep i slike område krev disp. frå riksantikvar</i>
Jord- og skogbruk	X			<i>Ikkje store jord- og skogbruksverdiar innanfor avgrensing, men området kring planavgrensing er samansett av jordbruksareal</i>

Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Gradering / konsekvens	Merknad
Naturmangfald	*	Endringa er vurdert å ikkje ha innverknad på naturmangfaldet i området
Jord- og skogbruksinteresser	*	Endringa er vurdert å ikkje ha stor innverknad på jord- og skogbruksinteresser i området, men det er område med jordbruk kring foreslått område, som det må takast omsyn til
Landskap	*	Endringa er vurdert å ikkje få store konsekvensar for landskapet
Kulturminne og kulturmiljø	*	Bygga er forskriftsfreda, og inngrep i slike område krev dispensasjon frå riksantikvar
Vassdrag	*	Vurdert ikkje relevant
Klima og energi	*	Vurdert å ikkje ha innverknad på klima og energi
Tettstadutvikling	*	Endringa er vurdert å ikkje ha stor innverknad på tettstadutviklinga i området
Sosial infrastruktur	+ 1	Området kan føre til positiv konsekvens for sosial infrastruktur, ved meir sysselsetting og aktivitet i området. Vidareutvikling av området kan skape nye møteplassar
Teknisk infrastruktur	*	Ikkje relevant, allereie etablert
Barn og unge	+ 1	Området kan vere ein stad å nytte for læringsføremål
Risiko og sårbarheit	*	Vurdert å ikkje ha konsekvensar
Trafikksikkerheit	*	Arealendringa vil ikkje få konsekvensar for trafikksikkerheita i området, då området funksjon i stor grad vil vere den same som i dag
Friluftsliv og rekreasjon	*	Vurdert ikkje relevant
Støy	*	Vurdert å ikkje få store konsekvensar når det gjeld støy i området
Forureining	*	Vurdert å ikkje få store konsekvensar når det gjeld forureining
Næringsliv og sysselsetting	+ 1	Endringa kan føre til meir sysselsetting, om næringa vert vidareutvikla
Økonomiske konsekvensar for kommunen	*	Kommunen eig tomta, men det er usikkert om det vil få økonomiske verknader
Fortetting av eksisterande felt	*	Nei


Samla vurdering:

Arealbruksendringa er vurdert å ikkje få store negative eller positive konsekvensar, då endringa i realiteten ikkje er større enn at to bygg vert omregulert til bustad, og det resterande området vert konkretisert som næringsverksemd. Utnyttinga av området vil difor i stor grad vere den same som i dag.

Konklusjon:

Kommunedirektøren tilrår arealbruksendringa.

3.3.5 Robøle

Robøle – Spreidd næring/Utleige av skogshytter	
<p>g/b: 30/1, teig nr. 3 – Ørnshaugen</p> <p>Størrelse: Om lag 47 daa</p> <p>Dagens føremål: LNFR</p> <p>Føreslått føremål: LNFR – spreidd næring</p>	

Om føreslått område og arealendring:

Området er lokalisert på Ørnshaugen, på gbnr. 30/1, teig nr.3. Teig nr. 3 strekkjer seg frå Sollien/Robøleshøvda i aust, i retning Vindin i vest. Teigen ligg parallelt med det nyetablerte og regulerte hytteområdet Robøleshøvda del 1. Teigen strekkjer seg på tvers av Ørnshaugen. Området er skogkledd, og er ein del av eit nærturterreng for dei som bur i Robølsbygda og på hyttene i området.

Området er ynskja sett av til skogshytter for økoturisme i tilknytning til drifta på Robøle Nedigard gnr/ bnr 30/1. Ei forsiktig etablering av skogshytter vil i praksis bli ei naturleg forlenging av det allereie utbygde hytteområdet Robøleshøvda del 1. Teigen ligg mellom området som er regulert til nye hytter og bygda. Det er infrastruktur/veg inn til teigen, så det er ikkje behov for store terrenginngrep. Tiltaket er i tråd med arealstrategien ved å take vare på naturen som grunnlag for oppleving og aktivitet.

Vurdering av verdi	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturmangfald	X			<i>Ikkje kartlagt. Ikkje registrert artar av stor forvaltingsinteresse</i>
Landskap		X		<i>Småkupert terreng</i>
Vassdrag	X			<i>Småkupert terreng med naturleg drenering av vatn, nokre «dreneringsliner»</i>
Kulturminne og kulturmiljø		X		<i>Det er registrert nokre automatisk freda kulturminne (kolframstillingsanlegg)</i>
Jord- og skogbruk		X		<i>Registrert produktiv skog (barskog) med låg bonitet. Det er lite dyrkbar jord i området</i>

Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Gradering / konsekvens	Merknad
Naturmangfald	-1	Området er ikkje naturkartlagt, og det er difor ikkje mogleg å gje ei god nok vurdering av korleis området vil verte råka ved ei arealendring
Jord- og skogbruksinteresser	- 1	Produktiv skog med låg bonitet. Ikkje registrert vernskog. Skogen stort sett furudominert, i alderen 73-86 år, med nokre område med barblanding
Landskap	- 1	Inngrep knytt til hytteutbygging krev større inngrep i landskap og natur, som kan gje moderate til store negative konsekvensar
Kulturminne og kulturmiljø	- 1	Det er registrert fleire automatisk freda kulturminne innanfor området
Vassdrag	+ 1	Det er ikkje registrert elver, bekkeløp eller myrer i området. Området har naturlege terrengformar og naturleg drenering av vatn
Klima og energi	- 1	Utvikling av området fordrar at veg/infrastruktur vert etablert
Tettstadutvikling	*	Ei arealendring vil ikkje bidra til
Sosial infrastruktur	*	Arealendringa vil ikkje vere noko som kjem alle innbyggjarane i området til gode
Teknisk infrastruktur	- 1	Veg og VA i utkanten av området, men ikkje innanfor avgrensa område
Barn og unge	*	Vurdert ikkje relevant
Risiko og sårbarheit	*	Området er ikkje utsett for flaum, skred, stormflo eller stigning i havnivå. Radon: moderat til låg aktsemd
Trafikksikkerheit	- 1	Føreslått arealendring legg opp til fleire bilar langs Nørre Robølsvegen
Friluftsliv og rekreasjon	+ 1	Det går ein traktorveg på tvers av området i vest, og nokre stiar gjennom området
Støy	*	Vurdert å ikkje ha store negative eller positive konsekvensar
Forureining	- 1	Føreslått arealendring legg opp til bilbasert økoturisme, då området ligg ein til to km frå gardstun
Næringsliv og sysselsetting	+ 1	Kan føre til auka sysselsetting og tilgjenge på utleigeiningar
Økonomiske konsekvensar for kommunen	*	Vurdert ikkje relevant
Fortetting av eksisterande felt	*	Nei

Samla vurdering:

Teigen er relativt smal, og det er noko usikre grenser. Området er ikkje naturkartlagt, og dette må kartleggast før ei eventuell utbygging av området.


Konklusjon:

Kommunedirektøren tilrår arealendringa. Det må gjerast ei konsekvensutgreiing av natur og naturmangfald som del av en eventuell reguleringsplanprosess.

3.4 Andre føremål

Innspel som går på endring av areal til andre føremål.

3.4.1 Fleirbrukstrasé frå skistadion til Garli



Bakgrunn for tiltaket

Ein av hovudprioriteringane til Øystre Slidre kommune er å vidareutvikle Beitostølen som det best tilrettelagde reisemålet i Noreg for alle, uavhengig av funksjonsnivå. Den foreslåtte fleirbrukstraseen vil vere eit middel for å nå dette målet. Foreslått traséval (som vist på kartet) er ikkje endeleg avgjort, og kan verte endra på seinare.

Konsekvensutgreiinga til kommuneplanens arealdel er gjort for ei større sone rundt forslaget til trasé. Når fleirbrukstraseen skal realiserast må det gjerast ei grundigare konsekvensutgreiing til reguleringsplanen.

Fleirbrukstraseen skal vere tilgjengeleg heile året. Traseen skal verte gruslagt (tre meter) med ei buffersoner på kvar side (1,5 meter). Om vinteren vert den omgjort til ei seks meter brei skitrasé. For at traseen skal vere universelt tilgjengeleg skal den ikkje vere brattare enn 7 %. På kortare strekningar kan den vere 10 %. Fleirbrukstraseen vil gjere det enklare å nytte nære friluftsområde på Beitostølen, og sikrar at fleire kjem seg ut uavhengig av funksjonsnivå.

Vurdering av verdi	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturmangfald			X	<i>Området er stort, men er mellom anna samansett av boreal hei med stor verdi, slåttemyr med middels verdi og kalkbjørkeskog med stor verdi. Delar av området ligg i tilknytning til myrområde.</i>
Landskap		X		<i>Området ligg fint plassert i fjellheimen nord-aust for Beitostølen sentrum.</i>
Vassdrag	X			<i>Nokre bekkar renn gjennom området.</i>
Kulturminne og kulturmiljø	X			<i>Registrert nokre kulturminne i området, men berre innanfor eit lite område aust.</i>
Jord- og skogbruk	X			<i>Delar av området er innanfor administrativ grense for beiteområde reindrift.</i>

Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Gradering / konsekvens	Merknad
Naturmangfald	- 1	Delar av traseen går gjennom område med viktige naturtypar, medan andre delar er foreslått å gå i utkanten av desse områda. Sør-austre del av foreslått område går gjennom område med viktige naturtypar, medan nord-vestre del i stor grad går nedanfor dei viktige naturtypane. I områda med viktige naturtypar er det allereie etablert stiar og trasear som det er mogleg å nytta vidare
Jord- og skogbruksinteresser	*	Området er vurdert å ikkje ha innverknad på beiteområdet grunna området nærleik til eksisterande hytter. Traseen skal ikkje vere i konflikt med omsynssone beitemark

Landskap	- 2	Fjernverknadane av ein grusa sti på fjellet kan potensielt vere store
Kulturminne og kulturmiljø	*	Vurdert som ikkje relevant, då traseen kan leggjast kring dei aktuelle kulturminna
Vassdrag	*	Det er registrert nokre små bekkar i området, men det er vurdert at inngrepa ikkje vil få negative følgjer for bekkane (kan nytte t.d. rør, kulvert, bru for å minimere konsekvensar)
Klima og energi	*	Vurdert å ikkje få store konsekvensar
Tettstadutvikling	*	Vurdert å ikkje bidra til tettstadutvikling
Sosial infrastruktur	+ 2	Bidreg til offentleg tilgjengelege uteområde, ski- og gangtrasear. Området vert universelt tilrettelagt
Teknisk infrastruktur	*	Vurdert ikkje relevant
Barn og unge	+ 2	Bidreg til offentleg tilgjengelege uteområde. Universelt tilgjengelege stiar kan vere enklare å nytta for folk med barn og barnevogn
Risiko og sårbarheit	*	Vurdert ikkje relevant
Trafikksikkerheit	+ 1	Det skal vere planfrie overgangar ved alle vegar, som bidreg til trafikksikkerheit
Friluftsliv og rekreasjon	+ 3	Fleirbrukstraseen vil vere eit positivt tilskot til universelt tilgjengeleg planlegging, til friluftssinteresser, etc. Sjå sti og løypeplan
Støy	*	Vurdert å ikkje få konsekvensar
Forureining	*	Vurdert ikkje relevant
Næringsliv og sysselsetting	*	Vurdert ikkje relevant
Økonomiske konsekvensar for kommunen	*	Økonomiske konsekvensar for kommunen er vurdert å vere usikker om finansieringa berre kjem frå kommunen sjølv
Fortetting av eksisterande felt	*	Nei

Samla vurdering:

Fjernverknadane av traseen i landskapet kan verte store, og det gjeld særleg når det ikkje er snø i området. Konsekvensar for landskap og naturmangfald må utgreiast betre i ei meir detaljert KU på reguleringsplannivå.

Ein fleirbrukstrasé frå skistadion til Garli vil få store positive konsekvensar for tilgjengelegheita til friområda i og rundt Beitostølen sentrum. Fleire kan nytte området, og det bidreg positivt til sosial infrastruktur og barn og unges interesser.


Konklusjon:

Kommunedirektøren tilrår arealendringa, men legg vekt på at det må gjerast ei grundigare konsekvensutgreiing på reguleringsplannivå for å kartlegge omsyn til natur- og landskapsverdiane i området. Kommunedirektøren tilrår at det vert gjort ei synfaring langs heile traseen for å sjå om og korleis traseen vil verke inn på landskapets visuelle kvalitetar. Traseen skal ikkje gå gjennom omsynssone beitebruk.

Avbøtande tiltak:

Trasevalet skal ha så små negative miljøkonsekvensar som mogleg, og avbøtande tiltak vert difor føreslått. Ved regulering skal det leggjast vekt på at traseen ikkje skal punktere myr eller gå over område med viktige naturtypar, samt ikkje vere i konflikt med omsynssone beitebruk og beitegjerde.

3.4.2 Furustrand



Om føreslått område og arealendring:

Kommunen har kjøpt eigedomane 27/10, 27/13, 27/4 og 27/66 på Furustrand for framtidig sentrumsutvikling. Området er i dag LNF og landbruksområde, som er ynskja omdisponert til sentrumsformål. I planområdet er det om lag 17,1 daa fulldyrka jord.

Ein endra arealbruk vil ha negative konsekvensar med nedbygging av landbruksareala, men samtidig gje grunnlag for ei utvikling av kommunesenteret Heggenes, og binde saman Heggenes sentrum med friområdet på Furustrand. Dette vil kunne skape eit meir trafikksikkert bilde i sentrum Heggenes, med gang- og sykkelsamband til friområdet på denne sida av fylkesveg 51.

Vurdering av verdi	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturmangfald		X		Naturtype (semi-naturlig våteng) med middels verdi registrert i ytterkant av teig ned mot Heggefjorden. Nær trua arter registrert i ytterkant av teig mot aust (ikkje innanfor planområde)
Landskap		X		Området ligg ned mot Heggefjorden. Området er døme på eit viktig kvardagslandskap
Vassdrag		X		Området ligg ned mot Heggefjorden

Kulturminne og kulturmiljø	X			<i>Ikkje registrert kulturminne</i>
Jord- og skogbruk		X		<i>Området er samansett av dyrka mark</i>

Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Gradering / konsekvens	Merknad
Naturmangfald	- 1	Sentrumsføremål og bygging vil redusere naturområda i området
Jord- og skogbruksinteresser	- 2	Negativ konsekvens i form av omdisponering av dyrka mark, som i utgangspunktet skal vere strengt regulert gjennom jordlov og føresegner i kommuneplanen sin arealdel
Landskap	- 1	Forringing av jordbrukslandskapet i nokon grad.
Kulturminne og kulturmiljø	*	Ingen registrerte kulturminne/kulturmiljø
Vassdrag	*	Arealendringa er vurdert å kunne få noko positiv konsekvens grunna mindre avrenning frå jordbruket, medan fleire harde flater kan gje meir avrenning frå sentrumsareal (negativ konsekvens). Området er difor vurdert som * <i>vurdert</i>
Klima og energi	- 1	Nedbygging av dyrka mark kan gje negative klimautslag
Tettstadutvikling	+ 3	Dette vil vere eit positivt tiltak for å utvikle sentrums kvalitetane i Heggenes, og skape eit større samlingspunkt og auka tenestetilbod for lokalbefolkninga.
Sosial infrastruktur	+ 2	Auka tenestetilbod kjem alle innbyggjarar til gode
Teknisk infrastruktur	+ 1	Etablert infrastruktur i området
Barn og unge	+ 2	Skapar eit større samlingspunkt for born og unge. Positivt i form av at friområdet på Furustrand blir meir i samanheng med resten av sentrum.
Risiko og sårbarheit	- 1	Moderat til låg aktsemd radon. Mogleg flaumfaresone ved vassdrag. Kartutsnittet syner at det går ei aktsemdssone flaum langt opp i området, men vatnet er regulert og den reelle flaumfaren vil vere låg
Trafikksikkerheit	+ 1	Auka trafikksikkerheit ved at ein kan unngå å gå langs fylkesvegen.
Friluftsliv og rekreasjon	+ 1	Auka tilgjenge til friområdet
Støy	- 1	Støy frå fylkesveg 51
Forureining	*	Ikkje vurdert å ha positiv eller negativ konsekvens
Næringsliv og sysselsetting	+ 1	Vil føre til auka aktivitet, næring og sysselsetting
Økonomiske konsekvensar for kommunen	*	Kan føre til auka sysselsetting i kommunen
Fortetting av eksisterande felt	*	Nei

Samla vurdering:

Ein endra arealbruk på Furustrand vil ha negative konsekvensar for dyrkamarka. Om lag 17 dekar fulldyrka jord vil bli omdisponert, og dette er ei klar ulempe. Det er i utgangspunktet i strid med

nasjonale føringar for jordvern. Arealet ligg i ytterkant av eit samanhengande jordbrukslandskap, og er slik attraktivt som jordbruksareal. Jordarten har grunnlag i moreneavsetningar, som er av gunstig samansetnad til dyrkingsføremål. Med tanke på jordbruksdrift er området flatt og lettdrive, men har arronderingsmessige utfordringar grunna teigstrukturen. Stadvis er det dreneringsutfordringar på arealet, og 3/4 av arealet er merka av som potensielt flaumfareområde (NVE sitt varsemekart). Kvaliteten på arealet som dyrkajord er samla sett god, men utfordringane knytt til arrondering, drenering og flaumfare dreg ned.

Det er behov for meir areal for å utvikle sentrum, og arealet ved Furustrand gjev rom for ei positiv utvikling av kommunesenteret Heggenes ved å binde saman sentrum med friområdet på Furustrand.


Konklusjon:

Kommunedirektøren tilrår å omdisponere arealet til sentrumsføremål.

Avbøtande tiltak:

Som eit avbøtande tiltak til nedbygginga av jordbruksarealet på Furustrand kan jorda verte flytta til eit anna område for vidare jordbruksdrift, eller det kan dyrkast opp tilsvarande areal ein annan plass, jf. føresegn 4.4 om sentrumsområdet på Heggenes: *Ved utbygging av nye område innanfor tettstadgrensa som nyttar dyrkamark skal dette kompensert med tilsvarande auka nydyrking i kommunen.*

3.4.3 Beitostølen Sentrum 1



Om foreslått område og arealendring:

Det er foreslått ei utviding av sentrum mot aust. Området er i dag avsett til idrettsanlegg/friområde, men vert ikkje nytta som det i dag. Arealendringa vil gjere eit større område tilgjengeleg for vidareutvikling av sentrum, og vil bidra til ei utvikling av Beitostølen som tettstad. Ved ei omregulering kan området framleis verte nytta som friområde grunna føresetnadane for sentrumsforemål.

Vurdering av verdi	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturmangfald		X		Øvre del av området er samansett av boreal hei med stor verdi. Lauvskog
Landskap		X		Området ligg som ein grøn korridor som strekkjer seg mellom sentrum og hyttefelt
Vassdrag	X			Ein bekk renn gjennom området
Kulturminne og kulturmiljø	X			To automatisk freda kulturminne (jernvinneanlegg)
Jord- og skogbruk	X			Området er samansett av lauvskog og open fastmark

Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Gradering / konsekvens	Merknad
Naturmangfald	- 2	Viktig naturtype med stor verdi registrert i øvre del av området. Sjå merknad til landskap
Jord- og skogbruksinteresser	*	Arealendringa er vurdert å ikkje ha negative eller positive konsekvensar for jord- og skogbruksinteresser
Landskap	- 3	Området fungerer som ein grøn korridor, og ei arealendring vil vere negativt både visuelt og for naturmangfaldet. Korridoren strekkjer seg nord-sør, og er ein av få korridorar som binder saman grøntområda nord og sør for fylkesveg 51
Kulturminne og kulturmiljø	*	To automatisk freda kulturminne i området, men det er vurdert å ikkje få negative konsekvensar
Vassdrag	- 1	Det renn ei bekk gjennom området.
Klima og energi	+ 1	Kompakt sentrumsutvikling vil vere positivt for transport og samling av tenester
Tettstadutvikling	+ 3	Utvikling av området kan føre til at sentrum får ein styrka karakter, og at fleire funksjonar vert sentralisert. Kompakt sentrumsutvikling kan føre til at viktige naturområde rundt sentrum ikkje vert bygd ned
Sosial infrastruktur	+ 3	Utvikling av tenestetilbod som kjem alle innbyggjarane i området til gode
Teknisk infrastruktur	+ 2	Ligg til rette for at alt av infrastruktur er tilgjengeleg i området
Barn og unge	- 1	Området er i dag avsett som idrettsanlegg i plan grunna moglegheit for framtidig skiheis i området. Det er ikkje klart om området vert nytta som idrettsområde/friområde i dag, men arealbruksendringa vil kunne vere negativt for barn og unge.
Risiko og sårbarheit	- 1	Radon: moderat til låg aktsemd. Flaumfarsone kring bekken
Trafikksikkerheit	*	Ved utvikling av området er det snakk om å leggje til rette for en ny veg som kan frigje trafikk frå fylkesvegen, og som vil fungere som beredskapsveg. Dette kan ha både positive og negative konsekvensar. Positivt: Sikrar mindre lokal trafikk på fylkesveg, og sikrar trygg og fotgjengarvennleg veg Negativt: Fleire bilar i området kan gå utover gåande og syklande i området
Friluftsliv og rekreasjon	- 2	Stiar etablert i området. Med bakgrunn i at området er regulert til idrettsanlegg (skiheis), vil det ha negative konsekvensar for rekreasjonsmoglegheiter
Støy	*	Arealendringa er vurdert å ikkje få store konsekvensar
Forureining	- 1	Arealendringa vil redusere grøntareala i sentrum, og kan føre til meir forureining frå næring og transport
Næringsliv og sysselsetting	+ 2	Arealendringa kan føre til fleire butikkar, tenester og sentrumsnær næring, som vil gje auka sysselsetting i kommunen

Økonomiske konsekvensar for kommunen	*	Vurdert ikkje relevant
Fortetting av eksisterande felt	*	Nei, men området vil stå fram som ei utviding av sentrum

Samla vurdering:

Arealendringa er i tråd med kommunens arealstrategi om å styrkje sentrums kvalitetar og -utvikling på Beitostølen.

Arealendringa frå idrettsanlegg til sentrumsføremål vil ha store positive konsekvensar for tettstadutvikling på Beitostølen, med ei meir kompakt sentrumsutvikling og fleire tenester innanfor sentrumsavgrensinga. Området fungerer i dag som ein grøn korridor som bind grøntområda nord og sør for sentrum saman, og er difor svært viktig for landskapskvalitetar og naturmangfald i området. Det er ein av få korridorar som går heile vegen frå fjellet og ned mot vatnet (Øyangen).

Konklusjon:

Kommunedirektøren tilrår at arealendringa vert teke inn i arealdelen av kommuneplanen.

Avbøtande tiltak:

Det tidlegare idrettsføremålet kan sikrast og verte realisert som del av sentrumsføremålet. Omsynet til grøntkorridor skal sikrast i reguleringsplan.

3.4.4 Liastølen

Liastølen friområde	
<p>g/b: <i>del av 3/148</i></p> <p>Størrelse: <i>1,1 d</i></p> <p>Dagens føremål: <i>Sentrumsføremål</i></p> <p>Føreslått føremål: <i>Friområde og omsynssone bevaring kulturmiljø</i></p>	

Om føreslått område og arealendring:

Liastølen er eit viktig kulturhistorisk område på Beitostølen, og er del av kvardagslandskapet til mange innbyggjarar på Beitostølen. Stølstunet vert nytta for å formidle lokal natur- og kulturhistorie gjennom kulturelle aktivitetar, og er viktig for å varetake identitet og historie på Beitostølen. Området er føreslått endra frå sentrumsføremål til friområde og omsynssone kulturmiljø for å sikre at tunet vert vareteke som det er ved vidare sentrumsutvikling.

Vurdering av verdi	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturmangfald		X		<i>Det er ikkje registrert viktige naturtypar eller stor naturmangfald i området, men stølstunet vert nytta for å formidle lokal natur og historie</i>
Landskap		X		<i>Stølstunet og -drifta syner eit tradisjonelt landskap, og kan vere med på å auke medvitet og kunnskapen om tradisjonelle landskap. Området er døme på eit viktig kvardagslandskap</i>
Vassdrag	X			<i>Ikkje registrerte vassdrag i området</i>
Kulturminne og kulturmiljø		X		<i>Området er ikkje registrert som eit viktig eller freda kulturmiljø, men det er eit viktig kulturhistorisk miljø</i>

				<i>for Beitostølen og stølsdrifta som tradisjonelt har vore viktig i området</i>
Jord- og skogbruk	X			<i>Ikkje registrert som jord- eller skogbruksområde, men området syner tradisjonell stølsdrift</i>

Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Gradering / konsekvens	Merknad
Naturmangfald	+ 1	Arealendringa vil styrkje området si rolle som formidlar av lokal natur og kultur
Jord- og skogbruksinteresser	*	Arealendringa vil ikkje ha innverknad på jord- og skogbruksinteresser
Landskap	+ 1	Området syner eit viktig kulturhistorisk landskap, som vert styrkt av arealendringa
Kulturminne og kulturmiljø	+ 2	Arealendringa vil styrkje området si rolle som formidlar av lokal kultur og tradisjonell stølsdrift
Vassdrag	*	Vurdert å ikkje få konsekvensar for vassdrag
Klima og energi	*	Vurdert å ikkje vere relevant, då arealendringa i realiteten er ei vidareføring av dagens bruk av området
Tettstadutvikling	+ 1	Bidreg til utvikling av sentrums kvalitetar på Beitostølen
Sosial infrastruktur	*	Vurdert å ikkje ha innverknad på sosial infrastruktur
Teknisk infrastruktur	*	Vurdert ikkje relevant
Barn og unge	+ 1	Kan vere eit aktuelt tilbod som barn og unge kan nytte, både som læringsarena og for rekreasjon
Risiko og sårbarheit	*	Vurdert å ikkje ha innverknad
Trafikksikkerheit	*	Vurdert å ikkje ha innverknad
Friluftsliv og rekreasjon	+ 1	Vurdert som eit positivt tilskot til friluftsliv og rekreasjon innanfor sentrumsområdet på Beitostølen
Støy	- 1	Området ligg innanfor gul støysone
Forureining	*	Vurdert å ikkje ha innverknad
Næringsliv og sysselsetting	*	Vil ikkje verke inn på temaet
Økonomiske konsekvensar for kommunen	*	Vurdert ikkje relevant
Fortetting av eksisterande felt	*	Nei


Samla vurdering:

Ei omregulering frå sentrumsføre mål til friområde vil vere med på å varetake ein grøn lunge i sentrum av Beitostølen, i det som byrjar å bli eit tett og kompakt sentrum med få grøntområde og tilhøyrande grøne kvalitetar. Liastølen er ein viktig del av identiteten i området, både kulturhistorisk og landskapsmessig.

Konklusjon:

Kommunedirektøren tilrår at arealet vert omregulert til friområde.

3.4.5 Heranglie barnehagetomt



Om føreslått område og arealendring:

Det er føreslått at området vert omregulert til barnehagetomt. Det er behov for å utvide tilbud til barnehage, med tilhøyrande areal til leikeområde og rekreasjon. Arealendringa kan sikre tilbud til barn og sikre areal til dette i eit bustadområde. Aust for området er det store skogsareal, som kan nyttast som nærturområde for barnehagen. Det hellande terrenget kan vere eit positivt tilskot til uteområda ved å t.d. fungere som akebakke.

Vurdering av verdi	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturmangfald	X			Det er ikkje registrert stort naturmangfald eller viktige artar i området. Registrert myr kring området, men ikkje innanfor avgrensinga
Landskap	X			Tomta ligg i eit hellande terreng
Vassdrag	X			Ikkje registrert vassdrag i området
Kulturminne og kulturmiljø	X			Det er ikkje registrert kulturminne på området, men det er registrert to kolframstillingsanlegg (automatisk freda) vest for avgrensinga
Jord- og skogbruk		X		Skog med høg og middels høg bonitet

Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Gradering / konsekvens	Merknad
Naturmangfald	- 1	Det er registrert skog med høg til middels bonitet, men det er ikkje registrert viktige naturtypar eller anna innanfor avgrensinga.
Jord- og skogbruksinteresser	- 1	Området er samansett av skog med høg til middels høg bonitet. Arealendringa vil føre til at delar av denne skogen vert fjerna.
Landskap	- 1	Området ligg i ein sving ved vegen, i eit hellande terreng, og kan få nokre negative konsekvensar for dei visuelle kvalitetane landskapet innehar
Kulturminne og kulturmiljø	*	Arealendringa vil ikkje ha innverknad på kulturminne og kulturmiljø
Vassdrag	*	Ikkje registrert å få konsekvensar for vassdrag
Klima og energi	*	Nedbygging av skog kan få negative konsekvensar for klima. Samstundes kan ei barnehage i nærområdet vere eit positivt tilskot, og vere med på å redusere transportbehov
Tettstadutvikling	+ 2	Utvikling av ei barnehagetomt i området vil vere eit positivt tilskot til tettstadutviklinga på Heggenes
Sosial infrastruktur	+ 3	Ei barnehagetomt vil vere positivt for sosial infrastruktur, og vil kome alle innbyggjarane i området til gode
Teknisk infrastruktur	+ 1	Veg og VA tilgjengeleg i området
Barn og unge	+ 2	Ei barnehagetomt i området vil fungere som uteområde og leikeareal utanfor opningstid
Risiko og sårbarheit	*	Ikkje vurdert å ha konsekvensar. Radon: moderat til låg aktsemd
Trafikksikkerheit	- 1	Kan føre til meir trafikk i området
Friluftsliv og rekreasjon	*	Utvikling av området er ikkje vurdert å ha store positive eller negative konsekvensar for friluftsliv og rekreasjon, men utvikling av ei barnehage kan ha nokre positive konsekvensar for rekreasjon i form av nye leikeareal (sjå merknad barn og unge).
Støy	- 1	Utvikling av området til barnehage kan føre til støy frå barna
Forureining	- 1	Fjerning av skog, oppføring av nye bygg og meir trafikk kan føre til meir forureining i området
Næringsliv og sysselsetting	+ 2	Arealendringa vil føre til fleire arbeidsplassar i nærleik til kommunesenteret
Økonomiske konsekvensar for kommunen	*	Vurdert å ikkje ha store negative eller positive konsekvensar
Fortetting av eksisterande felt	*	Nei, men området er del av eit framtidig bustadfelt

Samla vurdering:

Tomta ligg fint til i framtidig bustadfelt, med etablert veg i aust. Ei barnehagetomt i området vil vere eit positivt tilskot til tettstadutvikling og sosial infrastruktur.

Konklusjon:

Kommunedirektøren tilrår arealendringa, og tilrår samstundes at bustadtomta i sør (teig 1) vert inkludert som ein del av barnehagetomta. Størrelsen på området vil vere om lag 9,2 daa. Sjå kartutsnitt for forslag til områdeavgrensing.



2. høyring

3.4.6 Nerreføss reinseanlegg

Nerreføss reinseanlegg	
<p>g/b: 35/1</p> <p>Størrelse: 33,5 daa</p> <p>Dagens foremål: LNFR</p> <p>Føreslått foremål: Offentleg eller privat tenesteyting</p>	

Om føreslått område og arealendring:

Området er i dag avsett til LNFR, men det er føreslått å endre foremål til offentlig eller privat tenesteyting for å leggje til rette for eit nytt reinseanlegg. På nabotomta (35/1/1, markert i lilla) har kommunen allereie eit reinseanlegg for avlaup, men det er behov for å utvide tomte for å byggje eit nytt reinseanlegg med betre kapasitet. Området har ei naturleg grense mot Volbuelva.

Utbygging av reinseanlegget vil medføre utviding av området på om lag 33,5 dekar. Målet med utbygginga er å bygge eit reinseanlegg som vil ha kapasitet nok til heile kommunen, noko som medfører at reinseanlegget på Beitostølen over tid kan fasast ut av drift. Det nye reinseanlegget skal kunne take imot og reinse avlaupsvatn på ein miljøvennleg og effektiv måte i samsvar med forureiningslova. Det nye reinseanlegget vil ha større reinsegrad enn eksisterande anlegg. Til tross for auka mengd avlaupsvatn skal det difor ikkje gje auka utslepp. Det er gjennomført resipientkartlegging av Volbufjorden, og vurdert verknadene av nytt anlegg.

Vurdering av verdi	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturmangfald	X			<i>Området er ikkje naturkartlagt nord for elva. Delar av området er hogd, som resulterer i eit fragmentert skogsområde. Det er ikkje registrert viktige artar eller naturtypar i området aust for elva.</i> <i>Områdeavgrensinga har fått låg verdi grunna eksisterande forhold, men må naturkartleggast for å sikra at tiltak ikkje går utover viktige potensielle naturverdiar</i>
Landskap	X			<i>Området har ikkje store landskapsverdiar</i>
Vassdrag		X		<i>Området grenser mot Volbuelva/Vindeåne</i>

Kulturminne og kulturmiljø	X			<i>Ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø i området</i>
Jord- og skogbruk	X			<i>Registrert skog med middels bonitet</i>

Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Gradering / konsekvens	Merknad
Naturmangfald	*	Området er ikkje naturkartlagt, og det er ikkje registrert artar av florvaltingsinteresse i området
Jord- og skogbruksinteresser	- 1	Området er samansett av skog med middels bonitet
Landskap	*	Arealendringa vil ikkje ha store negative konsekvensar for landskapet, men det kan gå utover dei visuelle kvalitetane langs vegen
Kulturminne og kulturmiljø	*	Arealendringa vil ikkje ha konsekvensar for temaet
Vassdrag	- 1	Området ligg rett ved ei elv, og elva kjem til å verte del av næringa. Endringa kan difor få nokon konsekvensar for vassdraget
Klima og energi	+ 1	Forslag til utviding av området legg vekt på at det nye reinseanlegget skal kunne take imot og reinse avlaupsvatn på ein miljøvennleg og effektiv måte, i samsvar med forureiningslova
Tettstadutvikling	*	Arealendringa vil ikkje bidra til tettstadutvikling
Sosial infrastruktur	*	Arealendringa vil ikkje bidra til sosial infrastruktur
Teknisk infrastruktur	+ 2	Arealendringa gjeld eit nytt reinseanlegg, som vil vere positivt for heile kommunen. VA og veg etablert
Barn og unge	*	Arealendringa vil ikkje ha negative eller positive konsekvensar for barn og unge
Risiko og sårbarheit	- 1	Beredskap: Om det kjem til at reinseanlegget erstattar dei andre anlegga i kommunen, vert det meir sårbart om det skjer noko med dette eine anlegget
Trafikksikkerheit	*	Vurdert ikkje relevant
Friluftsliv og rekreasjon	*	Arealendringa vil ikkje ha innverknad på område som vert nytta til rekreasjon og friluft i dag
Støy	*	Arealendringa vil truleg ikkje ha store konsekvensar for støy i området
Forureining	*	Det nye reinseanlegget vil ha større reinsegrad enn eksisterande anlegg, med betre kapasitet, og kan om mogleg redusere utsleppa av fosfor og nitrogen. Det nye anlegget skal ta imot mykje meir avlaup, som kan resultere i meir utslepp. Dette er ikkje rekna på, og difor er det gjort eit val om å markere denne som <i>vurdert å ikkje ha store konsekvensar korkje positivt eller negativt</i>
Næringsliv og sysselsetting	+ 1	Arealendringa kan ha positive konsekvensar og føre til meir sysselsetting i kommunen
Økonomiske konsekvensar for kommunen	*	Kommunen er utbygger

Fortetting av eksisterande felt	*	Nei
---------------------------------	---	-----

Samla vurdering:

Arealendringa legg til rette for eit nytt reinseanlegg. Anlegget vil vere positivt for teknisk infrastruktur og ha betre kapasitet enn det gamle reinseanlegget. Nytt reinseanlegg skal kunne take imot og reinse avlaupsvatn på ein meir miljøvennleg og effektiv måte, og vil vere positivt for nærmiljø og klima.

Konklusjon:

Kommunedirektøren tilrår arealendringa. Det må gjerast ei kartlegging og konsekvensutgreiing for naturmangfald i reguleringsplanprosess.

2. høyring/off. ettersyn

3.4.7 Mellseenn vassbehandlingsanlegg

Mellseenn vassbehandlingsanlegg	
<p>g/b: 47/6</p> <p>Størrelse: Om lag 4 daa</p> <p>Dagens føremål: LNFR – tiltak for stadbunden næring</p> <p>Føreslått føremål: Andre typer bebyggelse og anlegg</p>	

Om føreslått område og arealendring:

Området er i dag LNFR, og er ynskja omdisponert til teknisk infrastruktur for å bygge eit nytt vassbehandlingsanlegg. Arealet ligg i nærleik av og delvis innanfor aktsemdssone for flaum, men bygget vil ikkje ligge innanfor sona.

Arealet er i hovudsak samansett av skog. Det er ikkje registrert kulturminne eller -miljø innanfor områdeavgrensinga. Det er ikkje gjort naturkartleggingar i området.

Vurdering av verdi	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturmangfald		X		<i>Registrert naturtype bekkekløft og bergvegg med middels verdi rett sør for planavgrensing. Det er ikkje gjort grundige nok naturkartleggingar i området, og det er difor vanskeleg å avgjere verdi av naturmangfald</i>
Landskap		X		<i>Området har til dels viktig visuell og romleg verdi</i>
Vassdrag		X		<i>Området ligg delvis innanfor aktsemdområde flaum, rett ved elva Ygna</i>
Kulturminne og kulturmiljø	X			<i>Ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø i området</i>
Jord- og skogbruk	X			<i>Barskog med låg bonitet</i>

Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Gradering / konsekvens	Merknad
Naturmangfald	- 1	Arealendringa krev inngrep i naturen, og vil få konsekvensar for natur i området. Det er ikkje gjort naturkartleggingar i området, og konsekvensane er ikkje mogleg å berekne. Området er likevel vurdert å få - 1, då det inneber inngrep i tilnærma urørt natur
Jord- og skogbruksinteresser	- 1	Arealendringa vil resultere i hogst av skog i området
Landskap	- 1	Arealendringa kan få negative konsekvensar for visuelle kvalitetar knytt til landskapet. Det gjeld særleg fjernverknadar
Kulturminne og kulturmiljø	*	Det er ikkje registrert kulturminne i området
Vassdrag	- 1	Inngrepet vil kunne ha negativ innverknad på vassdraget Ygna
Klima og energi	- 1	Inngrep i natur kan gje negative konsekvensar for klima
Tettstadutvikling	*	Vil ikkje ha positiv eller negativ innverknad
Sosial infrastruktur	*	Vil ikkje ha negativ eller positiv innverknad
Teknisk infrastruktur	- 2	Arealendringa vil resultere i naudsynt teknisk infrastruktur, men sett i samband med null-alternativet, som er å la skogen vere, vil arealendringa medføre inngrep i natur som i liten grad er bygd ut i dag
Barn og unge	*	Vil ikkje ha negativ eller positiv innverknad
Risiko og sårbarheit	+ 1	Tiltaket vil gje redusert risiko ved å leggje til rette for fleire vasskjelder i kommunen. Radon: Moderat til låg aktsemd
Trafikksikkerheit	*	Vurdert å ikkje ha store negative eller positive konsekvensar for trafikktryggleik
Friluftsliv og rekreasjon	*	Det er registrert stiar i området, men ikkje innanfor planavgrensing
Støy	*	Arealendringa vil ikkje ha store positive eller negative konsekvensar for støy
Forureining	*	Arealendringa er vurdert å ikkje føre til forureining
Næringsliv og sysselsetting	+ 1	Kan føre til fleire arbeidsplassar
Økonomiske konsekvensar for kommunen	*	Offentlege midlar
Fortetting av eksisterande felt	*	Nei


Samla vurdering:

Føreslått område ligg i eit naturleg landskap med skog og noko terreng. Det er lite infrastruktur og bygd areal i området, og arealendringa vil føre til moderate inngrep i landskapet.

Utvikling av eit nytt vassbehandlingsanlegg er eit naudsynt tiltak for å sikre teknisk infrastruktur i kommunen.


Konklusjon:

Kommunedirektøren tilrår at området vert omregulert grunna naudsynt infrastruktur, men med ny planavgrensing for å mellom anna unngå myr. Sjå kartutsnitt. Det må i tillegg gjerast ei grundig natur- og landskapskartlegging/KU for naturmangfald grunna mangel på kunnskap om dette temaet.



2. høyring/Off.

3.4.8 Reistebakkin

Reistebakkin – masseuttak	
<p>g/b: 44/7</p> <p>Størrelse: 6,7 daa</p> <p>Dagens føremål: Næring (reg. plan)</p> <p>Føreslått føremål: Næring</p>	

Om føreslått område og arealendring

Det er ønske om utviding av uttaksområdet/masseuttaket for å sikre vidare drift av fjelltaket, med ei utviding nord/aust i retning Fiskeløysa. Det utvida området er sjekka opp mot tilgjengelege informasjonsbasar. Det er ikkje registrert noko raudlista artar i planområdet. Området er ikkje registrert som nasjonalt eller regionalt viktig kulturlandskap eller omfattar/ligg i nærleik til område registrert med viktige naturtypar. Vi finn ikkje noko spesielt i forhold til Artsdata, men området ligg i eit område der det er registrert spesielle artar, som trua lavart, og det er forvaltningsområde for gaupe. Lavart er ikkje påvist i reguleringsplanområdet, men i området rundt (hotspot). Påverknad på området rundt blir i sum vurdert som små. Betre klimaavtrykk at lokale kan få tak i masser nært enn at dei må ut av kommunen og eventuelt regionen.

Vurdering av verdi	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturmangfald	X			Naturmangfald er ikkje kartlagt i området
Landskap		X		Området ligg i eit skogsområde, sør for vatnet Fiskeløysset
Vassdrag	X			Renn ei elv av ukjend størrelse gjennom området
Kulturminne og kulturmiljø	X			Nokre kol- og jernvinneanlegg utanfor området
Jord- og skogbruk	X			Skog med låg bonitet

Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:

Tema	Gradering / konsekvens	Merknad
Naturmangfald	*	Naturmangfald er ikkje kartlagt.
Jord- og skogbruksinteresser	*	Er vurdert å ikkje få store negative konsekvensar


Landskap	- 1	Arealendringa vil føre til eit inngrep i landskapet av ukjend størrelse
Kulturminne og kulturmiljø	*	Arealendringa vil ikkje ha innverknad på kulturminne og kulturmiljø
Vassdrag	*	Arealendringa ligg i nærleik av ei elv, men det er ikkje vurdert at endringa vil påverke elva
Klima og energi	*	Eit utvida masseuttak kan vere positivt for lokal handel og tenesteyting ved at uttaket vert lokalisert i eksisterande masseuttakområde i kommunen, men kan og vere negativt ved at meir skog vert hogga ned og ei utviding av næringa kan medføre meir utslepp
Tettstadutvikling	*	Vil ikkje bidra til tettstadutvikling
Sosial infrastruktur	*	Vurdert å ikkje ha positive eller negative konsekvensar
Teknisk infrastruktur	*	Ikkje VA
Barn og unge	*	Vurdert ikkje relevant
Risiko og sårbarheit	*	Det er gjennomført ROS i eksisterande reg. plan
Trafikksikkerheit	- 1	Endringa vil føre til meir trafikk ettersom uttaket vert utvida
Friluftsliv og rekreasjon	*	Vurdert ikkje relevant
Støy	- 1	2-3 veker i året der ein borer/sprenger. Noko varierende trafikk. Støyrapport for gjeldande planområde. Utviding vil ikkje gå utafør raud støysone.
Forureining	- 1	Meir forureining frå transport til og frå uttaket
Næringsliv og sysselsetting	+ 1	Ved utviding kan ein oppretthalde drifta i 10-15 år.
Økonomiske konsekvensar for kommunen	*	
Fortetting av eksisterande felt	*	Nei, men utviding av område/uttak.

Samla vurdering:

Endringa i arealdelen av kommuneplanen vert gjort for å samsvare med nyleg vedteke reguleringsplan, og vil vere eit positivt tilskot til næringa.

Konklusjon:

Kommunedirektøren tilrår at arealet vert utvida. Endringa i arealdelen av kommuneplanen vert gjort for å samsvare med nyleg vedteke reguleringsplan. Sjå kartutsnitt.



2. høyring/off.e